

# ORDET FANGAR

## Språkpolitisk plan

*Vedtatt i Bergen bystyre 25. januar 2023*



BERGEN  
KOMMUNE

## **Bergen bystyre behandla saken i møtet 25.01.2023 sak 20/23 og fatta følgjande vedtak:**

1. Bystyret vedtek «Ordet fangar – språkpolitisk plan».
2. Tiltak som krev auka budsjettmidlar må bli vurdert i samband med den årlege rulleringa av handlings- og økonomiplanen.
3. Bystyret ber om at alle skjema og sjølvbeteningstenester frå Bergen kommune skal finnast på både bokmål og nynorsk
4. Bystyret ber byrådet jobbe for at færre elevar skal byte hovudmål frå nynorsk til bokmål. Med dette er meint stille språkkrav, ha oppdaterte læremiddel og nynorskklasser.
5. Det foretas følgjande endringer i tekst:
  - a) s.26. Endre «Vurdere å oppretta eit tilbod om nynorsk parallellklasse på ein skule» til «Oppretta eit tilbod om nynorsk parallellklasse på ein skule - uavhengig av kravet om ti elevar».
  - b) «s. 29: Punkt 3, legg til : «Nye verktøy og program skal finnast på både bokmål og nynorsk» etter «Stilla språkkrav i utviklinga av nye digitale tenester og leverandørar når me kjøper inn verktøy og program».
  - c) Bergen er ein språknøytral kommune. Difor meiner bystyret at under Side 22: Tiltak 8 om namn på avdelingar legg til: «I visse bydelar bør det skiltast på nynorsk, og somme avdelingar, seksjonar og etatar skal anten ha namn på både nynorsk og bokmål eller berre nynorsk».

### **Merknad 1**

Kravet kommunen har til klart språk har vore diskutert i samband med strandsonesakene. Bystyret har erfart at mange heimelshavarar og utbyggjarar ikkje hatt forstått innhaldet i breva/vedtaka dei har fått frå kommunen.

Dette gjeld spesielt for standardbrev om lovbrotsoppfølging. Bystyret meiner den skriftlege kommunikasjonen må forbeistrast, og ber byrådet gjennomføra ei gjennomgang av om breva som blir sende ut, kan forbeistrast til eit klart og forståeleg språk.

### **Merknad 2**

Bergen kommune skal tilstrebe å utarbeide alderstilpasset informasjon når dette er nødvendig for å sikre at barn og unge har gode forutsetninger for å kunne medvirke i saker som angår dem.

Forslag til nytt tiltakspunkt under målet «Bergensarane skal forstå informasjon og brev frå Bergen kommune»:

Utarbeide alderstilpasset informasjon i relevante saker for økt forståelse og involvering.»

### **Merknad 3**

Bystyret ber byrådet være i dialog med Sametinget om hvordan kommunen kan fremme samiske språk, samt vurdere om man skal inngå en egen samarbeidsavtale med Sametinget.

### **Merknad 4**

Bystyret ber byrådet gjere redaksjonelle endringar i teksten slik at planen er oppdatert med GSI-tala for inneverande skuleår.

### **Merknad 5**

Bystyret ber byrådet om å kome attende i eiga sak om å eventuelt nedfelle Jon Fosse-sitat i gatene slik ein i Oslo har nedfelt Ibsen-sitat på Karl Johans gate.

### **Merknad 6**

- Bergensdialektane skal vera synleg frå Bergen kommune.
- Alle som oppheld seg i Bergen skal få nødvendig, kommunal informasjon på eit lett tilgjengeleg språk i samband med hendingar som gjeld helse, miljø og tryggleik.
- Språklege minoritetar skal kjenna seg heime i Bergen.

Disse målene bør gjøres mer ambisiøse. Det bør også eksplisitt uttales at språklige minoriteter skal oppleve seg inkludert i felleskapet og i minst mulig grad stigmatisert.

### **Merknad 7**

- Sikre elevar rett til opplæring i, og på teiknspråk i tråd med føringane i Opplæringslova

# Forord

I eit godt samfunn og i ein god by tar me vare på den rike og levande kulturarven som språket utgjer. Det er viktig at folk skal kjenna både høve og fridom til å uttrykkja seg på det av dei to norske skriftsspråka dei kjenner seg att i.

I eit sunt demokrati må makta sitt språk vera forståeleg og tilgjengeleg for alle i samfunnet. Dersom språket til staten, kommunen og styringa blir for fjern frå folk, kan det ekskludera og forvirra dei som treng å forstå. Klart språk kan vera inkluderande, medan tungt og uklart språk i tekstar frå kommunen kan føra til at mange ikkje får høve til å delta i saker som vedkjem dei. Difor kan godt og klart språk styrka demokratiet ved at fleire forstår og difor får høve til å delta.

Bergen er hovudstaden på Vestlandet, og nynorsk er ein sentral del av regionen sin identitet. I Bergen bur det både bokmåls- og nynorskbrukarar, og som det mindre brukte språket må nynorsken bli aktivt fremja av det offentlege.

**Rune Bakervik**  
byrådsleiar i Bergen

# Innhald

Forord .....	4
1. Samandrag .....	6
2. Trongen for språkpolitikk .....	8
3. Språkstoda i Bergen .....	13
4. Norsk – vårt felles ansvar .....	22
5. Nynorskens hovudstad.....	25
6. Digitalisering og språk .....	28
7. Klart språk? Klart det.....	31
8. Bergensk er knall i padden.....	34
9. Ikkje alle forstår norsk .....	36
10. Språket til urfolk, nasjonale minoritetar og teiknspråk .....	39
11. Språk i verksemder og samarbeidsorgan.....	43

# 1. Samandrag

«Ordet fangar – språkpolitisk plan» ser på språkpolitikken til kommunen i stort og følgjer opp føresegnene i den nye språklova som tredde i kraft 1. januar 2022. Språkpolitikk er eit politikkområde som grip over alle sektorar og handlar om språk og språkbruk innanfor alle ansvarsområda som kommunen har.

Planen inneheld mål og strategiar for alle dei relevante ansvarsområda, men berre tiltak for nokre av dei. Årsaka er at det er meir naturleg at nokre av tiltaka blir forankra i dei tematiske planane for områda. Dette betyr at kommunen også oppnår måla og strategiane i språkpolitisk plan gjennom arbeidet med andre planar, eksempelvis *Sammen for kvalitet - læring og medvirkning*, *Kvalitetsutviklingsplan for bergensskolen 2022/23-2026/27* og *Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021–2025*.

## Måla i planen

Språkpolitisk plan handlar om korleis Bergen kommune skal bruka, styrkja og utvikle norsk språk. Planen syter for å vidareføra politikken for å fremja nynorsk. Planen inneheld ei skildring av kva som er situasjonen i dag og synleggjer kor me ønskjer å vera.

Den nye språklova krev at «Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa». Denne planen viser korleis Bergen kommune skal følgja opp dette lovkravet. Planen drøftar òg kva som kan bli gjort for å hindra og dempa at norsk tapar terreng til andre språk, som til dømes engelsk. Planen drøftar i tillegg det ansvaret ulike delar av kommunen har for språk, inkludert teiknspråk.

Bergen er ein fleirkulturell by. Det er naturleg i ein plan om språk å drøfta i kva tilfelle det er riktig at kommunen kommuniserer på andre språk enn norsk. Typiske døme er kritisk informasjon som alle innbyggjarar må ha.

Planen har desse måla:

- Bergen kommune brukar, utviklar og styrkjer norsk språk.
- Det skal vera enkelt å vera nynorskbrukar i Bergen.
- Det skal vera enkelt å velja nynorsk i Bergen.
- Bokmål og nynorsk skal vera synlege frå Bergen kommune.
- Bruk av teknologi og digitale løysingar skal støtta opp om språkpolitiske mål.
- Bergensarane skal forstå informasjon og brev frå Bergen kommune.
- Bergensdialektane skal vera synleg frå Bergen kommune.
- Alle som oppheld seg i Bergen skal få nødvendig, kommunal informasjon på eit lett tilgjengeleg språk i samband med hendingar som gjeld helse, miljø og tryggleik.
- Språklege minoritetar skal kjenna seg heime i Bergen.

## Overordna og sektorpolitisk ansvar for språk

Det er Stortinget som vedtek den overordna språkpolitikken, medan Kulturdepartementet har fagansvar for språklova på nasjonalt nivå. Skal me lukkast med å bruka, styrkja og utvikla norsk språk må me sjå utover det reine faglege ansvaret. Alle delane av det norske samfunnet har eit språkleg

ansvar og tar jamleg val som kan ha noko å seia for den språklege utviklinga.

Skal me makta å bruka, styrkja og utvikla norsk språk må språket tryggjast på alle nivå i samfunnet og i alle sektorar. Det hjelp ikkje om språket står sterkt i skulen om det står svakt i næringslivet.

Difor må Bergen kommune ha ein tydeleg språkpolitikk som blir følgt opp innanfor alle politikk- og tenesteområde. For å lukkast med at alle tar ansvar for det norske språket innanfor sine ansvarsområde, er det viktig å forankra språkpolitiske mål i leiinga og i styringssystemet. Gjennom denne planen blir kommunen sine språkpolitiske mål fastsett. I tillegg fastslår den nokre felles strategiar og tiltak for heile kommunen, men dei enkelte sektorane må integrera språkpolitikken i eigne planar for området sitt. I tillegg må alle vera merksame på og vurdere språkpolitiske konsekvensar i forvaltninga og utviklinga av eigen sektorpolitikk.

Bystyret set rammene for verksemda til kommunen og byrådet set politikken ut i livet. I Bergen kommune har Byrådsleiars avdeling fagansvaret for språkpolitikken, medan dei ulike byrådsavdelingane, etatane og resultatiningane har eit tydeleg sektoransvar. Dette sektoransvaret handlar om at språk og språkpolitikk skal bli integrerte i utviklinga av politikk og tenester.

## **Økonomiske konsekvensar**

Tiltaka i planen skal i hovudsak finansierast innanfor gjeldande budsjetttrammer. Det kan likevel oppstå situasjonar der det blir naudsynt med auka budsjettmidlar for å gjennomføra tiltak. Eksempelvis kan det krevja auka budsjettmidlar dersom fleire enn forventa treng kostnadskrevjande kurs i klart språk eller nynorsk. Eit anna eksempel på eit tiltak som kan krevja auka budsjettmidlar, er det å stille språkkrav til leverandørar når kommunen kjøper inn verktøy og program. På lik linje med andre omsyn som handlar om samfunnsansvar, kan det ha ein meirkostnad særleg dersom marknaden er liten eller lite utvikla. Å rekna kva dette eventuelt kan koste, er på noverande tidspunkt ikkje mogleg, sidan det kjem an på kva kommunen skal kjøpe. Dersom det blir behov for auka budsjettmidlar for å gjennomføra tiltak, vil det bli vurdert i samband med den årlege rulleringa av handlings- og økonomiplanen.

To tiltak som vil koste pengar, og som ikkje kan finansierast innanfor gjeldande budsjetttramme, er e-læringsverktøy i TTT (teikn til tale) og ASK (alternativ og supplerande informasjon) og etablering av nynorsk turbibliotek. Kommunen yter tenester til personar som kan ha nytte av TTT/ASK – og ser verdien av auka innsats for at tilsette skal kunne nyttiggjera seg av denne type verktøy i kommunikasjon med brukarar og pasientar. Ein tenleg innsats vil vera å få etablert eit e-læringsverktøy som kan bli nytta av aktuelle tilsette overfor ulike tenestemottakarar med slikt behov. Slikt kommunalt verktøy finst ikkje i dag og det vil krevja ein ressursinnsats å lage dette – teknisk og fagleg, med tilhøyrande behov for økonomiske ressursar. I dei tilfella der tiltak ikkje kan bli løyst innanfor gjeldande budsjetttrammer, må finansiering av tiltaka bli vurdert i samband med den årlege rulleringa av handlings- og økonomiplanen. Gjennomføring av tiltaka er i så måte avhengig av prioritering i budsjettprosessen.

## 2. Trongen for språkpolitikk

Forutan bankande hjarte, mat, vatn og luft finst det knapt noko så grunnleggjande for eit samfunn som språket. Banalt sagt er det tale om eit kommunikasjonsmiddel. Men dette middelet kan både slå deg i bakken og løfte deg opp. Språk seier noko om kva me har vore og kven me vil vera. Me kan ikkje ta språket på slump. Difor treng me språkpolitikk.

«I opphavet var ordet», heiter det i Bibelen. Skal ein tru på dette, starta alt med ord. Ord har uansett noko å seia. Det er ikkje utan grunn at dei etiske reglane for pressa endar med «Ord og bilete er mektige våpen. Misbruk dei ikkje!».

### Makta som ligg i språket

Ord me høyrer kan gje oss til å fly på venger med gode kjensler. Orda kan òg sára oss. Dei kan byggja oss opp og dei kan riva ned. Dei skapar strid eller får oss på glid. Orda kan gjera at me skjøner kvarandre eller dei kan skapa babelsk virvar. Og når kroppsspråket ikkje rimar med det som blir sagt, kan forvirringa vera total. Ord kjem både i mjuk og hard innpakning. Orda me brukar seier noko om kven me er eller kven me ønskjer å vera. Det me skriv eller seier kan byggja bruer over opprørte vatn eller skapa stengsler.

Me kan seia at språket både er makt, kultur og identitet. Makta ligg i at gjennom språk kan du vera med på å endra verda. Du kan spikra opp tesar på kyrkjedøra eller halda ein tale om draumane dine. Språket kan nyttast til alt. Du kan gjera andre urett med det eller du kan retta opp feila frå dagen i førevegen. Du kan gjera folk store med orda du brukar og du kan gjera dei små. Du kan bruka språkmakta di så mykje at andre kjenner på maktesløyse.

«Språk er makt. Begreper og meningskategorier former oppfatningar av virkeligheten, påkaller følelser og gir assosiasjoner. I interessekamp mellom grupper kan noen slå gjennom og få et overtak gjennom begreper og bruk av språk. Ordvalg og kamp om begreper er en del av maktkampen i samfunnet. Språket har en viktig funksjon på nasjonalt nivå, som det viktigste mediet for den nasjonale bevissthet.»<sup>1</sup>

Makt og språk handlar ikkje berre om ord, men kan like gjerne handla om språka sjølve og forholdet mellom dei. Språkmakt har vore nytta i nasjonsbygginga på ein måte som har gått ut over urfolks- og minoritetsspråk. Eit døme er fornorskingspolitikken som mange samar framleis kjenner på kroppen. I Noreg er me også kjende med språkstriden mellom nynorsk og bokmål.

«(...) Det er også en kamp om språket. Språket er en del av den meningshorisonten vi alle lever innenfor, og som kulturuttrykk gir det mening og identitet. Dette gjelder på alle språklige nivåer, fra variasjoner innenfor en dialekt eller et nasjonalspråk til forholdet mellom nasjonale språk. Svært ofte er det slik at språktegn og språktoner som er knyttet til utkantstrøk eller lavere sosiale lag blir nedvurdert innenfor det dominerende språkmiljøet. (...))»<sup>2</sup>

<sup>1</sup> «Makt og demokrati» NOU 2003:19 s. 45

<sup>2</sup> Som over.



Måten me som samfunn behandlar det kulturelle og språklege mangfaldet som finst, seier mykje om kor liberalt og demokratisk samfunnet er. Også i Noreg har me tidlegare hatt ein politikk som har gått ut på å fjerna den språklege og kulturelle eigenarten til minoritetane. Korleis eit fleirtal behandlar eit mindretal seier også noko om kor liberalt og demokratisk samfunnet er.

## Språket som kulturberar

Språket har vore med oss lenge sjølv om det heile tida endrar seg. Ein finurleg ting med substantivet språk er at det ikkje har eit verb som spring ut frå det. Mest sannsynleg seier me språk fordi det kjem av ordet sprake. Dersom du sit rundt bålet ein kveld er det ein lyd du kjennar att. Bålet brenn og sprakar. På same måte som det kan gnistra, knitra og smella av eldfullt språk.

Språk bind oss saman når me forstår kvarandre og gir oss hovudbry når andre seier eller skriv noko me ikkje maktar heilt å gripe. Språk kan skapa nærleik og avstand. Språket seier noko om kven me er, kor me er og kven me har vore. Ordet bonde fortel oss at me ein gong i tida slutta å vandre i jakt på noko etande og slo oss ned og blei buande. Språk er levande og språk er òg spor av tider som har vore.

Alle språk er ein kulturrikdom:

«Alle språk formidlar, uttrykkjer og ber på kultur, historie og identitet. Det norske samfunnet har alltid vore fleispråkleg, med både samisk, nasjonale minoritetsspråk, norsk teiknspråk, eit stort dialektmangfald og nyare minoritetsspråk. Det er òg ein rikdom å ha to norske skriftkulturar – bokmål og nynorsk.»<sup>3</sup>

I språkmeldinga blir språket definert som den viktigaste fellesmarkøren me har. Språk ber kulturarven vår, gjev oss identitet og ei kjensle av å høyra til.

## Språk og identitet

Kven er eg? Svaret på dette spørsmålet vil grovt forenkla kunne seia noko om identiteten din. Personlegdomen din eller korleis du oppfattar deg sjølv er også med på å forma identiteten din.

«Det viktigaste i denne samanhengen er at språket eller dialekten vår *fortel* om oss. Språket fortel om bakgrunnen vår, geografisk så vel som sosialt. Ja, i stor utstrekning er det gjennom språket vi bygger opp og presenterer vår *identitet*».<sup>4</sup>

Identiteten vår blir forma av vala me sjølve gjer og alt det som møter oss på livsvegen. Gjennom språkbruken vår byggjer me opp og kommuniserer vår identitet, samstundes som me plasserer oss sjølv i ein sosial samanheng.<sup>5</sup>

Ved utgangen av 2021 hadde me minst 286.930 personlegdomar i Bergen. Og så har jo byen òg eit særpreg og ein identitet. Den er forma av historia vår og dei som til ei kvar tid har slått rot og verka her.

I ei stripe frå teikneserien «Hårek», kjem Hårek den hardbaldne og Kark fram til ei strand. På stranda står det tre personar med skjold. Hårek spør om det er Bergen. Kark svarar: «Veit ikkje! Dei vil ikkje snakke». Då konkluderer Hårek med at det ikkje er Bergen.

Skal me våga å snakka om ein bergensk identitet, er det freistande å dra fram dette med at Bergen set

<sup>3</sup> Meld. St. 8 (2018–2019): «Kulturens kraft — Kulturpolitikk for framtida», pkt. 5.10.

<sup>4</sup> Blakar, Rolv Mikkel: "Språk er makt". Utg. Pax. 1996, s. 93-94.

<sup>5</sup> Som over. s. 65

pris på å vera «nokke for seg sjøl». I kommuneplanens samfunnsdel står det følgjande om det bergenske sjølvbiletet:

«Bergen har lange tradisjoner for å være åpen, raus, internasjonal og mangfoldig. Bergenserne er kjent for å være engasjerte, store i kjeften men med glimt i øyet. (...) Det er noe med Bergen, byen eller kanskje regnet som bidrar til den bergenske sjel. Bergenserne er ikke redde for å skille seg ut og lar seg lett engasjere. De dyrker sin annerledeshet med omhu, og de særegne bergenske tradisjonene tar de godt vare på. Vi må ta vare på mangfoldet, særpreget, engasjementet og kvalitetene som fortsatt gjør det attraktivt å bo i Bergen og bli bergenser av overbevisning.»

Bergen er også administrasjonsstad og naturleg sentrum for ein region der eit dialektkjennemerke er at personleg pronomeren i første person eintal er «eg». Me legg raskt til at nokre vel å seia «jeg» og det er heilt fint. Visesongaren Stanley Jacobsen gjorde i «Heimflyttarsongen» eit forsøk på å definera kva ein vestlending er: «Eg sa eg, eg sa ikkje, eg sa farge, eg sa fjøl.»

Vestland fylkeskommune har sett i gang arbeid med å utarbeida ein ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Språk og nynorsk spesielt er nemnd som kulturelle fyrtårn som kan løftast fram i denne regionale planen. I den gjeldande regionale kulturplanen for tidlegare Hordaland fylke er det mål om å auka bruken av nynorsk, både som kvardagsspråk og kunstspråk. Bergen er i planen gitt ei rolle som ein viktig by for nynorske institusjonar og kulturytringar.

Vestland med Bergen er eit område av landet der begge dei norske skriftspråka står om lag like sterkt. Dette er unikt i landet vårt. Me er noko for oss sjølve. Bergen kommune har vore opptatt av å vere eit godt språkleg førebilete som lèt innbyggjarane møte bokmål og nynorsk i kvardagen deira. Som regionhovudstad må Bergen ta eit språkleg og kulturelt ansvar for å vere ein inkluderande by for heile Vestlandet.

## Bordet fangar, det gjer orda òg

Det er kjekt å leike seg med språket. På norsk har me uttrykket «Bordet fangar» som er henta frå kortspel og tyder ei handling eller utsegn kan ikkje kallast tilbake og er bindande. Gjort er gjort. Den språkpolitiske planen har fått tittelen «Ordet fangar». Det er fordi at det har noko å seia kva ord me brukar og kva haldning me har til språk.

Språket er alle stadar og i botnen for det meste som me ser og gjer. Difor er språket for viktig til å takast på slump. Dersom me vil noko for språket vårt, treng me ein språkpolitikk. Språket er sjølve grunnmuren i det som bind oss saman.

Difor er språket noko som gjeld alle på alle nivå i Bergen kommune. Me kan alle gjera vårt for å utvikla og ta vare på språket. Du må ikkje vera språklærer, tolk eller kommunikasjonsrådgjevar for å seia at du held på med språk. Nokon gjer det kanskje meir uttalt enn andre, men me gjer det alle på vårt vis anten me gjer det i skrift eller tale, i klasserommet, på sjukeheimen eller når du tar telefonen.

## Rammer for språkpolitikken

«Ordet fangar - språkpolitisk plan» heng saman med ei rekkje føringar og retningslinjer. Dei viktigaste er FN's berekraftsmål, ny språkløve, kommuneplanens samfunnsdel og vedtak i bystyret som gjeld nynorsk spesielt. Alle desse seier noko om språkansvaret til Bergen kommune.

## FN's berekraftsmål

Språkpolitisk plan byggjer opp om følgjande berekraftsmål:

- Mål 4: God utdanning

- Mål 11: Berekraftige byar og lokalsamfunn
- Mål 16: Fred, rettferd og velfungerande institusjonar

Språket er den viktigaste nøkkelen inn i store og små fellesskap i det norske samfunnet.

Utdanningssektoren står i ei særstilling når det gjeld å bidra til gode språkkunnskapar, og har ei viktig rolle å spela for å sikra at norsk held stillinga som samfunnsberande språk.<sup>6</sup> Ein tydeleg språkpolitikk vil med andre ord bidra til å sikra inkluderande, rettferdig og god utdanning, samt fremja moglegheiter for livslang læring for alle. Dette står sentralt i berekraftsmål 4: god utdanning. Eksempelvis behandlar denne planen spørsmål knytt til språk i barnehage og skule, samt norskopplæring for innvandrarak.

I eit godt samfunn og i ein god by tar me vare på den rike og levande kulturarven som språket utgjer. Det er viktig at folk skal kjenna både høve og fridom til å uttrykkja seg på det av dei to norske skriftsspråka dei kjenner seg att i. Slik byggjer planen også opp om berekraftsmål 11: berekraftige byar og lokalsamfunn ved å gjera Bergen meir inkluderande og delmål 11.4) som handlar om å styrkja innsatsen for å verna og sikra verdas kultur- og naturarv. I tillegg har planprosessen bidrege til delmål 11.3) som blant anna handlar om å styrkja moglegheita for ei deltakande, integrert og berekraftig samfunnsutvikling og forvaltning.

I eit sunt demokrati må makta sitt språk vera forståeleg og tilgjengeleg for alle i samfunnet. Dersom språket til staten, kommunen og styringa blir for fjern frå folk, kan det ekskludera og forvirra dei som treng å forstå. Klart språk kan vera inkluderande, medan tungt og uklart språk i tekstar frå kommunen kan føra til at mange ikkje får høve til å delta i saker som vedkjem dei. Difor kan godt og klart språk styrkja demokratiet ved at fleire forstår og difor får høve til å delta. Planen er såleis knytt til berekraftsmål 16: fred, rettferd og velfungerande institusjonar på fleire måtar. For det første byggjer den opp om hovudmålet som er å fremja fredelege og inkluderande samfunn for å sikra berekraftig utvikling, sørgja for tilgang til rettsvern for alle, og byggja velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå. Dessutan bidreg planen til å oppfylla delmål 16.6) Utvikla effektive, ansvarlege og opne institusjonar på alle nivå, delmål 16.7) Sikra lydhøyre, inkluderande, deltakingsbaserte og representative avgjerdsprosessar på alle nivå og delmål 16.10) Sikra allmenn tilgang til informasjon og beskytta grunnleggjande fridommar, i samsvar med nasjonal lovgjeving og internasjonale avtalar.

## Ny språklov

Den viktigaste ramma for planen er den nye språklova som blei vedtatt våren 2021 og som tredde i kraft 1. januar 2022. Lova gir kommunane eit tydelegare ansvar for å bruka, styrkja og utvikla norsk språk. Føremålet med lova er å styrkja norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremja likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikra vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikra at offentlege organ tar ansvar for å

- bruka, utvikla og styrkja bokmål og nynorsk
- bruka, utvikla og styrkja samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
- verna og fremja kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk

Offentlege organ får også eit særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

Når lova brukar omgrepet «offentlege organ» inkluderer dette både kommunen, samt verksemder og

<sup>6</sup> Prop. 108 L (2019 – 2020) Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak) Lov om språk (språklova), s. 51

samarbeidsorgan som kommunen åleine eller saman med andre offentlege organ anten eig eller har røystefleirtal i.

I korte trekk betyr dette at Bergen kommune, samt verksemdar og samarbeidsorgan som det offentlege anten eig eller har røystefleirtal i, har ansvar for å

- bruka, utvikla og styrkja norsk språk
- fremja nynorsk
- bruka klart språk når me vender oss til innbyggjarane, eksempelvis gjennom brev, nettsider og sosiale medium
- bruka, utvikla og styrkja samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
- verna og fremja kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk

## **Kommuneplanens samfunnsdel**

Kommuneplanens samfunnsdel «Bergen 2030» har som visjon at Bergen skal vera ein aktiv og attraktiv by. Samfunnsdelen seier ikkje noko om språk konkret, men språk er ein viktig kulturberar og det viktigaste verktøyet me har for å kommunisera med andre. Det heiter i planen at Bergen skal vera Vestlandets hovudstad. Byen skal vera ei drivkraft i det regionale samarbeidet og i utviklinga av regionen og landsdelen. Nynorsk og Vestlandet høyrer naturleg saman. Samfunnsplanen trekk også fram at brei medverknad og dialog styrkjer og utviklar lokaldemokratiet. Klart og inviterande språk er ein føresetnad for å få til brei medverknad og dialog.

## **Klart språk**

Kommunikasjonsrettleiaren for tilsette i kommunen har visjonen «Me skal vera der bergensarane er». Hovudmåla er å byggja tillit til kommunen, engasjera for å fremja deltaking og samarbeid og vera framtidretta. Når det gjeld språk er eitt av hovudprinsippa å bruka klart språk. Klart språk sikrar rettstryggleik og demokrati. Det sparar samfunnet for tid og pengar og byggjer tillit mellom kommunen og innbyggjarane.

## **Vedtak som gjeld nynorsk spesielt**

Bystyret vedtok «Kåra for nynorsk i Bergen. Tiltak» i 2018. I samband med vedtaket og handsamingane av statusmeldingar om planen har det kome mange føringar på kva politikk bystyret ønskjer for nynorsken. Sjølv om planen går ut i 2021 og blir avløyst av denne temaplanen, har bystyret vore tydelege på at dei ønskjer «meir språkpolitikk - ikkje mindre nynorskpolitikk».

## **Andre lover og rammer**

I tillegg finnes det ei rekkje lover som regulerer kommunen sin språkpolitikk og språkbruk i møte med innbyggjarane, som *Opplæringslova*<sup>7</sup>.

---

<sup>7</sup> Opplæringslova er under oppdatering, men vil framleis regulere delar av kommunen sin språkpolitikk.

# 3. Språkstoda i Bergen

Bergen er ein spennande stad for språk og mangfald. Bergensarane har ein unik dialekt som både skil seg skarpt ut frå landet elles, men som ber med seg både spor av samkvem med omverda og omlandet. Begge dei to norske skriftspråka er godt til stades både hos bergensarane og institusjonane som er i byen. Bokmål og nynorsk blir ikkje berre brukt her. Språka ligg også laga her.

## Språket til bergensarane

Dei fleste innbyggjarane i Bergen snakkar norsk og skriv anten bokmål eller nynorsk. Bergen består av *bergensarar* og *bergensere*. I tillegg har Bergen ein stor innvandrarbefolkning som ikkje har norsk som morsmål og varierende kunnskapar i norsk.

Det er ikkje register i Noreg som seier noko om kva språk innbyggjarane brukar. Det nærmaste me kjem er kva skriftspråk dei ønskjer skattemeldinga og annan offentleg informasjon på. Tala peikar i alle tilfelle på kva språk innbyggjarane føretrekkjer. Tabellen under viser kva språk bergensarane fekk skattemeldinga på i åra 2016, 2019 og 2020.

Oppgjeve skriftspråk i skattemeldinga	2016	2019	2020
Bokmål	204 149	218 512	219 809
Nynorsk	25 873	27 770	28 170
Engelsk	8 192	8 343	9 175
Samisk	1	5	4
<b>Totalt</b>	<b>238 215</b>	<b>254 630</b>	<b>257 158</b>

Kjelde: Skatteetaten

Fordelinga mellom skriftspråka held seg stabil. Ser me på fordelinga mellom dei norske skriftspråka nynorsk og bokmål under eitt, ønskte i 2020 88,6 prosent av bergensarane å få skattemeldinga på bokmål og 11,4 prosent ønskte å få ho på nynorsk. Tilsvarende tal er ikkje klare for inntektsåret 2021. Kontakt- og reservasjonsregisteret til Digitaliseringsdirektoratet viser at fordelinga er 87,5 bokmål og 12,5 prosent nynorsk i 2022.<sup>8</sup> Både skattetala og kontaktregisteret viser at nynorsk ikkje er eit lite skriftspråk i Bergen.


Utviklinga i tala for engelsk er også interessant, samt at samar i Bergen nyttar høvet til å få skattemeldinga på eige språk.

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetsspråk, medan norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket. Som språklege og kulturelle uttrykk er norsk teiknspråk, kvensk, romani og romanes likeverdige med norsk. Me veit ikkje kor mange som brukar desse språka i Bergen.

På oppdrag frå Bergen kommune gjennomførte Sentio Research Norge ei undersøking mellom 611

<sup>8</sup> Data for ønskt språkval hjå bergensarane per 16. juni 2022. Tala gjeld dei som ikkje har reservert seg mot digital kommunikasjon med det offentlege.


spurde innbyggjarar i mai 2021. Undersøkinga handla om korleis dei vurderte informasjon frå Bergen kommune. Resultata frå undersøkinga harmonerer rimeleg godt med dei data kommunen fekk frå Skatteetaten og Kontakt- og reservasjonsregisteret til Digitaliseringsdirektoratet.



Kjelde: Innbyggjarundersøking mai 2021. Sentio Research.

I bakgrunnstala kan me sjå kva bydel respondentane soknar til. Ein bydel skil seg ut. Innbyggjarane frå Arna fortel i større grad (34 %) enn dei som bur i andre bydelar at dei brukar nynorsk.

Språk engasjerer. Den største demonstrasjonen som har vore i Bergen nokosinne handla om det. I samband med at Noreg vart fri frå både svenskar og danskar var det eit ønskje å gjera namna på byar og fylke meir norskklingande. Kristiania blei til Oslo. Trondhjem blei til Nidaros for å så bli Trondheim. Søndre Bergenhus amt vart til Hordaland fylke. Men Bergen blei ikkje Bjørgvin att, sjølv om målrørsla i byen fremja dette forslaget. Framlegget førte i juni 1929 til den største massedemonstrasjonen i historia til byen.<sup>9</sup> 20.000 bergensarar tok til gatene for å seia kva dei meinte om namneendringa. Bystyret sa òg klårt nei og det blei ikkje meir av den saka.



Kva skriftspråk bergensarane seier dei føretrekkjer å få informasjon frå det offentlege på.  
Kjelde: Innbyggjarundersøking for Bergen kommune, mai 2021. Sentio Research.

Sidan Bergen ligg der byen gjer midt i eit nynorskland, har det tidvis vore skarpe kantar mellom dei to norske skriftspråka. Telefonkatalogen for Hordaland med Bergen hadde fram til utgåva for 1985/86

<sup>9</sup> Aleksander Brørvik: Bergen skal byen hete – en undersøkelse av navnestriden i Bergen, Masteroppgåve ved Høgskulen på Vestlandet, 2020.

kome ut på begge skriftspråka. Så følgde Televerket mållova og gav ho berre ut på nynorsk. Namna og nummera var stort sett dei same, men informasjonen elles og dei gule sidene var på nynorsk. Dette førte til rabalder hos ein del bergensarar. Saka kom opp som ein interpellasjon i bystyret, men vart etter kvart trekt.

Til evig tid vil truleg bergensarar og nordmenn elles diskutere forholdet mellom dei to norske skriftspråka, men det er teikn i tida som kan tyda på ein større toleranse i samfunnet. Toleransen kjem også haldningane om språk til gode. Innbyggjarundersøkinga nemnd tidlegare har nokre interessante tal som kan vera eit teikn på språkleg toleranse hos bergensarane. Eit tydeleg fleirtal seier at det ikkje har mykje å seia for dei om dei får informasjon på bokmål eller nynorsk. Samanlikna med resten av Bergen, seier arnabuane i større grad at dei føretrekkjer nynorsk (15 prosent) og at dei ikkje har nokre preferansar (85 prosent). Det er også ein liten tendens til at dei under 30 er meir tilbøyelege til å svara at dei ikkje har preferansar enn dei som er 30 år eller eldre.


## Språket i skuleverket

Skuleåret 2022/2023 er det 28.774 elevar i Bergen som får undervisninga si på bokmål, mens 327 barn er nynorskelevar. Dei fleste nynorskelevane går på skule i Arna (63,6 %) og Åsane (33,0 %). Det er ingen nynorskelevar i bydelane Bergenhus, Laksevåg og Ytrebygda. Sjølv om eit fleirtal av skulane i Arna er nynorskskular, har ikkje eit fleirtal av elevane på nokon skule i bydelen valt dette skriftspråket. Salhus skule er den noverande skulen i Bergen der, med unntak av to bokmålslevar eit skuleår, alle elevane dei siste 20 åra har hatt nynorsk som opplæringsmål.

Skulenamn	Nynorskelevar 2022/2023 (%)
Salhus skule	96 %
Ådnamarka skule	16 %
Garnes skule	15 %
Garnes ungdomsskule	14 %
Ytre Arna skule	12 %
Lone skule	7 %
Mjølkeråen skole	2 %

Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem

Grafikken under viser utviklinga i delen nynorskelevar i bergensskulen 2012–2023. Tala har ein veikskap. Dei viser berre data frå skular som har vore i drift i heile tidsspennet. Tala viser at nedgangen i nynorskelevar i Arna held fram, mens utviklinga i Åsane er uendra. Det skuldast i all hovudsak den stabile stillinga som nynorsk har i Salhus skulekrins.



Utviklinga i talet på elevar med nynorsk i Bergen skuleåra 2012-2023. Bydelane Arna, Åsane og kommunen totalt. Kjelde: Grunnskulens informasjonssystem



Det er også interessant å sjå på den same utviklinga mellom Bergen og naboane våre. Askøy kommune er språkleg sett om lag i same situasjon som Bergen. Administrativt er begge kommunane også språknøytrale. I Øygarden kommune er det om lag like mange elevar som vel bokmål i grunnskulen som nynorsk. I Alver kommune har ein fjerdedel av borna bokmål som opplæringspråk. Hos dei andre naboane har over ni av ti elevar nynorsk. I Bjørnafjorden er ein av ti barn bokmåselevar. Dei siste fem åra har delen nynorskelevar i Bjørnafjorden vakse. Samla sett er forholdet mellom nynorsk og bokmål stabilt i nabokommunane våre. Alle kommunane utanom Askøy har nynorsk som styringsspråk.

## Språket til kommunen

Bergen kommune har aldri gjort eit målvedtak etter den tidlegare mållova. Eit slikt vedtak avgjer kva norsk skriftspråk kommunen krev å få brev frå statlege styremakter på. Også i språklova har kommunen rett til å sjølv vedta å krevja at statsorgan berre skal bruka bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen. Kommunen kan også velja å vera språkleg nøytral. Bergen kommune har ikkje fatta eit slikt språkvedtak og er difor å rekna som nøytral. Det betyr at statsorgana kan velja kva skriftspråk dei vender seg til kommunen på.

På mange vis er det naturleg, men ikkje naudsynt, at det er eit samsvar mellom språkvedtaket og kva skriftspråk kommunen sjølv vel å administrera seg på. Med omsyn til den bergenske kommunalhistoria, der fleire tidlegare nynorskkommunar vart innlemma i storkommunen frå 1972, sømer det godt å halda på nøytraliteten.

I samband med «Kåra for nynorsk» blei det gjort endringar i den delen av personal- og arbeidsreglementet som handlar om styringsspråket til Bergen kommune. Tidlegare heitte det at dei tilsette kunne velja kva norsk skriftspråk dei ville bruka i tenesta, men saker til byrådet og bystyret skulle skrivast på bokmål. Bystyret vedtok i 2018 å endra dette til at saksframlegg kan skrivast på nynorsk eller bokmål. Slik tok kommunen eit viktig steg i reell nøytral retning. Bergen kommune har difor bokmål og nynorsk som likestilte skriftspråk i tenesta.

Begge dei to norske skriftspråka er synlege i dei politiske sakene. I 2020 var 57 av 371 saker som byrådet sende til bystyret og utvala der skrivne på nynorsk. Berre nokre år tilbake var det eit sjeldan syn for folkevalde i Bergen å møte begge skriftspråka. Dei siste tre åra har ein tidel av årsmeldinga til kommunen blitt skriven på nynorsk.

Bokmål er det norske skriftspråket som møter bergensarane mest på kommunen sine nettsider, kunngjeringar og sosiale media. Nettsida til kommunen har vore gjennom ei reinsking av innhald som gjer at eldre innhald ikkje er med oss meir. Vel 97 prosent av innhaldet på heile domenet [www.bergen.kommune.no](http://www.bergen.kommune.no) er per juni 2021 på bokmål. Det same gjeld aktualitetsseksjonen *Kva skjer*. I den delen av nettsidene som gjeld politiske saker er nynorskdelen på fem prosent.

Nynorskbruken er personavhengig. Det er ikkje alle tilsette som leverer innhald til nettsidene som er like trygge på å skriva nynorsk. Mange har gjerne ikkje hatt eit forhold til nynorsk sidan sidemålsopplæringa i skulen. Dei vil heller skriva godt bokmål enn dårleg nynorsk.

Det er viktig at kommunen nyttar norsk språk og norsk rettskriving. Det finst døme på at kommunale einingar og avdelingar har namn på engelsk. I dei fleste tilfella er det engelske omgrep på funksjonar og metodar som blir nytta utan vidare. «Housing First» er eit døme på eit bustadtiltak med engelsk namn. Kommunen bør berre bruka engelsk når det er heilt naudsynt av omsyn til målgruppa. Kommunen har ein del informasjon på andre språk enn norsk som er grunngeve ut i frå omsynet om å nå målgruppa.



Kommunen har elles ei utfordring med lange namn på einingane med påfølgjande utstrekt bruk av forkortingar. Det lengste einingsnamnet i kommunen er på 70 teikn, mens det kortaste er på åtte. Tendensen i namngjevinga er at det synest å vera eit siktemål å ta med mest mogeleg av det avdelinga held på med.

## Språket i media

Bergen har ein rik medieflora, både riksdekkande, regionale, bynære og dei heilt lokale. Media i Bergen speglar att språkstoda i regionen vår på ein god måte. Bergensarane møter både bokmål og nynorsk i alle medium.

NRK har krav på seg om at minst 25 prosent av innhaldet skal vera på nynorsk. Begge skriftspråka er til stades i sendingane og nettsidene til NRK Vestland. Ein gjennomgang<sup>10</sup> av innhaldet på nettstaden til NRK Vestland viser at begge skriftspråka er om lag like godt representerte.

TV2 er ein kommersiell allmennkringkastar med hovudkontor i Bergen. Kanalen har krav på seg om at både nynorsk og bokmål skal nyttast. To av nyheitsankera deira, Arill Riise og Siri Kleiven Strøm, vart i 2021 heidra for å løfta fram og synleggjera nynorsk. Dei fekk nynorskprisen for journalistar frå Kulturdepartementet. I løpet av året er det også lov for TV2-journalistane å skriva nyheitsartiklar på tv2.no på nynorsk.

Dei fleste avisene i Bergen blir redigerte på bokmål eller reknar seg som blanda. Bergensavisen blir redigert på bokmål og nyheitene er på det skriftspråket. Samstundes har avisa opptil fleire skribentar som skriv på nynorsk. Avisa lèt òg nynorskskrivande journalistar bruka nynorsk på petitplass.

Bergens Tidende har i mange år tillate journalistane sine sjølv å velja kva norsk skriftspråk dei ønskjer å bruka i avisa. Avisa oppgjer ikkje sjølv tal på fordelingane mellom dei to skriftspråka. Ein gjennomgang<sup>11</sup> av nettstaden deira viser at om lag åtte av ti saker er på bokmål, mens resten er på nynorsk. Eit viktig poeng for avisa er at nynorsken ikkje skal oppfattast som noko kuriøst.

Bydelsavisene i Bergen blir i hovudsak redigert på bokmål. Unntaket er Bygdanytt, lokalavisa for Arna og Osterøy, som er språkdelt. Stoff frå Osterøy er på nynorsk, mens stoff frå Arna er jamt fordelt mellom nynorsk og bokmål.

Riksavisene er for det meste redigerte på bokmål, men både VG og Aftenposten har fått positiv merksemd for å sleppa til meir nynorsk i spaltene. Blant avisene med hovud- eller lokalkontor i Bergen er det meir blanda. Dagen har hovudkontoret i Bergen og blir redigert på begge skriftspråka. Klassekampen, Dagbladet og Dagsavisen har lokalkontor i Bergen. Klassekampen blir redigert på både nynorsk og bokmål, Dagbladet blir redigert på bokmål og Dagsavisen har opna for at journalistane kan bruka nynorsk på redaksjonell plass.

Mediekatalogen til Mediebedriftenes landsforening har ein database som viser spreieing av papiraviser i dei ulike delane av landet. Data frå VG og Dagen er ikkje med her. 57 prosent av papiropplaget som blir distribuert i Bergen er redigerte på både bokmål og nynorsk. Seks prosent av papiropplaget i Bergen er reine nynorsksblad, mens 37 prosent av opplaget er blad som reknar seg som bokmålsaviser.

---

10 Eiga utrekning pr. juni 2021 der ein med søk i Google har talt førekomstane av ordpara ikkje/ikke og frå/fra på mediet sin nettstad. Totalen er då samla bruk av ordpara, medan nynorskdelen utgjør prosentdelen av ikkje/frå. Dette er ein metode som Språkrådet tidlegare har nytta for å rekne ut kor mykje nynorsk og bokmål det er på statlege nettsider.

11 Sjå fotnoten over.

Me må heller ikkje gløyma dei nye media. Det er ikkje berre den redaktørstyrte delen som er ein del av mediekvardagen vår. I 2020 spurde Medietilsynet for første gong om språk i kartlegginga av mediebruken til dei yngste innbyggjarane. Tala viser at engelsk i stor grad er til stades og i bruk når norske barn (9–18 år) nyttar sosiale medium:

	Norsk	Engelsk	Om lag like mykje av begge	Anna el. veit ikkje
Les, ser eller høyrer nyheiter	21	21	29	24
Brukar sosiale medium	27	28	26	27
Spelar spel	22	24	22	26
Ser på film, serie eller TV-program	19	25	26	26
Ser på YouTube	14	64	15	7

Kjelde: «Barn og medier 2020», Medietilsynet

## Språket i høgare utdanning

I høyringa til ny språkløvtalte Bergen bystyre (bystyresak 27/19) at «kommunen ottast domenetapet for norsk i høgare utdanning og synest lova burde strekkja seg noko vidare enn berre administrasjonane i høgskular og universitet. Desse institusjonane utdannar dei framtidige språkbrukarane. Dei tar med seg språkhaldningar og vaner frå utdanninga og inn i yrkeslivet.»

Det har vore arbeid med på å få på plass språkpolitiske retningslinjer i høgare utdanning. I Bergen har følgjande institusjonar fått dette på plass: Høgskulen på Vestlandet (HVL), Universitetet i Bergen, (UiB) og Noregs handelshøgskule (NHH). Me nemner òg at private institusjonar med avdelingar i Bergen som NLA Høgskolen og VID har utarbeidd slike retningslinjer.

Dei spesielle reglane i språklova som gjeld statleg verksemd omfattar berre den administrative delen av høgskulane og universiteta. Høgskulen på Vestlandet har valt å ha nynorsk som hovudmålform. Universitetet i Bergen har retningslinjer som seier at nynorsk og bokmål skal nyttast på lik linje og i tilnærma same omfang i offisielt tilgjengelege dokument. NHH skriv at bruken av dei to norske skriftspråka skal vera i tråd med krava i lova. Tilsette og studentar med nynorsk som hovudmål blir oppmoda om å bruka dette språket.

Utfordringa til utdanningsinstitusjonane er todelt: Dei skal ta eit ansvar for norsk språk, men samstundes verkar dei i eit internasjonalt miljø. NHH skriv slik i sine språklege retningslinjer: «NHH skal ha en tydelig språkpolitikk som gir en effektiv avveining mellom det norske samfunnsoppdraget og hensynet til NHHs internasjonale ambisjoner».

I innleiinga til dei språkpolitiske retningslinjene til HVL står det følgjande:

«(...) høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallellspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forskning og formidling.»

Språk og språkbruk i forskning og høgare utdanning har stor innverknad på språkutviklinga elles i samfunnet. Det blir derfor sett på som viktig å sikra det norske fagspråket. Det er det fagspråket dei fleste ferdig utdanna skal ta med seg når dei skal ta til i arbeidslivet. Arbeidslivet krev gode kunnskapar i norsk. Og dei aller fleste studentane vil arbeida i Noreg.

I 2001 var 68 prosent av masteroppgåvene i Noreg skrivne på norsk. I 2016 var det talet nede på 56 prosent. Om lag halvparten av masterstudentane skriv altså oppgåvene sine på engelsk.<sup>12</sup> Tendensen etter denne kartlegginga i 2016 er at utviklinga held fram. Undervisningsspråket i høgare utdanning har også blitt meir internasjonalt. Det kan gjerne også vera med på å påverka studentane sine val av språk i oppgåvene. Tabellen under viser den prosentvise utviklinga i bruk av framandspråk som undervisningsspråk i emne for utvalde institusjonar i åra 2011–20.

Framandspråk	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
UiB	22,9	25,8	25,2	29,3	31	29,9	30,8	32,8	34,1	33,7
NHH	40,4	40,3	43,7	41,7	46,3	45,7	47,1	54,4	55,3	53,8
HVL	3,6	4,8	4,1	4,6	5	6,9	7,1	13,1	14,9	15,9
<b>Statlege inst.</b>	<b>15,6</b>	<b>16,2</b>	<b>16,5</b>	<b>17,5</b>	<b>19,2</b>	<b>20,8</b>	<b>22,5</b>	<b>24,4</b>	<b>25,8</b>	<b>26,3</b>

Kjelde: Dikus rapportserie 07/2021: Tilstandsrapport for høyere utdanning 2021

Bergen har eit stort miljø for norsk språk i dei akademiske institusjonane våre. Det norske språket er rett og slett lagra i Bergen. Språksamlingane som tidlegare låg i Oslo er frå 2016 overførte til Universitetet i Bergen. Desse samlingane er grunnlag for å laga ordbøker og granska namn. Bokmålsordboka og Nynorskordboka er eigd av universitetet og Språkrådet i fellesskap. For tida blir det arbeid med å revidera innhaldet i dei to norske standardordbøkene. Det er den første gjennomgåande revisjonen sidan dei blei trykte i 1986.<sup>13</sup>

## Språket i næringslivet

I nærings- og arbeidslivet har tidlegare undersøkingar vist at norsk står støtt, og at bruken av engelsk i denne delen av samfunnet har vore mindre enn venta. Det er norsk som er arbeidsspråket i dei fleste bedriftene. Språkrådet og NHO har gått saman om å utarbeida ein språkplakat, der rådet er å bruka norsk når du kan og engelsk når du må.

Språklova har ikkje konkrete krav til næringslivet utover det som står i føremålsparagrafen. Norsk skal vere eit samfunnsberande språk som kan nyttast på «alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg».

Kompetansebarometeret til NHO frå 2018 fortel at om lag 13 prosent av medlemsverksemdene i NHO har engelsk som arbeidsspråk. For 14 prosent av verksemdene er framandspråk viktig i kommunikasjonen med eigne tilsette. Framandspråk er for dei langt fleste viktigast i kommunikasjonen med kundar og oppdragsgjevarar.<sup>14</sup>

Arbeidsinnvandringa til Noreg med arbeidadarar frå EØS-området gjer at det på arbeidsplassar, som t.d. innan bygg og anlegg, er naudsynt å kommunisera på andre språk enn norsk.

I Einingsregisteret kan verksemdene registrera seg etter kva norske skriftspråk dei nyttar. For alle typar registrerte einingar med forretningsadresse i Bergen er det 96 prosent som har bokmål, mens fire prosent seier dei har nynorsk som skriftspråk.

Nynorsk står sterkast i einingar som har tilknytning til det offentlege. Mellom enkeltpersonføretaka oppgjer 7,1 prosent at dei brukar nynorsk. Nynorskdelen er om lag like høg for foreiningar og samvirkeføretak.

<sup>12</sup> Schwach og Elken: «Å snakke fag på et språk andre forstår. Norsk fagspråk i høyere utdanning og arbeidsliv». NIFU-rapport 2018:20.

<sup>13</sup> [Universitetet i Bergen, «Revisjonsprosjektet»](#)

<sup>14</sup> [NHO Kompetansebarometer 2018](#)

## Språket i kulturlivet

Språk spelar ei viktig rolle i kommunal kunst- og kulturpolitikk, både når det gjeld det profesjonelle kunstfeltet, museumsfeltet og det frivillige kulturlivet. Eksempelvis er eitt av tiltaka i *Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030* å vektlegge at det blir nytta eit tilgjengeleg språk i all kommunikasjon retta mot publikum.

Bergen har eit rikt forfattarmiljø og ein sterk tradisjon som litteraturby. Av dei 179 Vestland-forfattarane på lista til Norsk forfattersentrum er 116 heimehøyrande i Bergen. Om lag tre av ti forfattarar busette i byen skriv på nynorsk. Den jamne tilstrøyminga av sterke nynorskrøyster er med på å byggja opp om identiteten til Bergen som regionhovudstad. I *Bergen kommunes kunstplan for det profesjonelle feltet 2018-2027* blir tre faktorar sett fram som dei viktigaste for at Bergen har eit sterkt forfattarmiljø: sterke band mellom forfattarane, eit godt utdanningsmiljø og spennande ordskifte.

I proposisjonen til språklova heiter det at produksjon, utgjeving og formidling av norsk litteratur er avgjerande for å oppretthalda og utvikla eit fullverdig norsk språk og skriftkultur. Bergen har dei siste åra fått sterke miljø for formidling av litteratur. Bergen offentlege bibliotek står sterkt og kan syna til aukande besøkstal. Utlånstoppen for 1. halvår 2021 for biblioteket viser at for skjønnlitteratur for vaksne er vel to tidelar av dei mest populære bøkene skrivne på nynorsk.

Litteraturhuset er også ein viktig aktør, som jobbar aktivt for å skapa eit sterkt og berekraftig litteraturfelt i landsdelen og fylket. Bergen internasjonale litteraturfestival samlar årleg forfattarar frå heile verda og har ein to-språkleg profil, med engelsk og nynorsk som sine to administrasjonsspråk.

Proposisjonen til språklova nemner også teateret som ein arena der den norske språkutviklinga har kome til uttrykk og utspela seg. Det Vestnorske Teateret er regionteateret for fylket vårt, dei styrer seg på nynorsk og spelar på nynorsk og dialekt. Dei arbeider òg med å få på plass eit Nynorskens hus i Logen og Bergen sentrum. Vårt største teater, Den Nationale Scene (DNS), spelar i hovudsak på bokmål, men nynorsk og dialekt er ikkje fråverande.

Utvikling og produksjon av ny norsk dramatik, som kan framførast på teaterscenene, er også viktig for den norske språkutviklinga. Vestnorske Teater har engasjert seg for å utvikla ny, norsk dramatik på nynorsk. Bergen dramatikfestival vart arrangert første gang i 2020, og har som overordna mål å utvikla nye former for scenetekst. Festivalen resulterte i ei utgjeving med ti nyskrivne scenetekstar, inkludert omsetting frå svensk til nynorsk.

Frivillige lag og organisasjonar gjer ein viktig jobb med å ta vare på gamle ord og uttrykk i lokale dialektar. Memoar - norsk organisasjon for munnleg historie er ein ideell organisasjon som fungerer som eit ressurscenter for munnleg historie i Noreg. Ved å samla inn, kartlegga og arkivera munnleg kjeldemateriale tar dei ikkje berre vare på vår felles kulturhistorie, men også språket.

## Språket i offentlig forvaltning elles

Bergen er sete for fleire store offentlege institusjonar som har nynorsk som styringsmål. Vestland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsmål. Det same har Statsforvaltaren i Vestland som femnar om same geografiske område. Den største arbeidsplassen i Bergen, utanom kommunen, er Helse Bergen. All ekstern informasjon frå sjukehusføretaket skal skrivast på nynorsk. Målforma er valfrie når det skal skrivast journalar, meldingar og notat.

Hordaland tingrett, har nynorsk som tenestemål. Årsaka er at domstolen òg dekkjer tidlegare Nordhordland tingrett, der eit fleirtal av kommunane har målvedtak om nynorsk. Vest politidistrikt har også nynorsk som styringsmål. Andre statlege institusjonar i Bergen, som Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet har varierende bruk av nynorsk. Tilgjengeleg statistikk finst hos Språkrådet.

## Utfordringar for språkstoda i Bergen

Norsk språk står støtt i Bergen og byen speglar språkleg regionen den er ein del av. Byen har også ein forhistorie ved at tidlegare nynorskkommunar blei slått saman til den nye storkommunen i 1972. Ei utfordring er at nynorsk er i ein svakare posisjon enn bokmål. Nynorsken er utsett i Bergen, særleg i skulen. Men det er eit godt språkleg mangfald av dei to norske skriftspråka i byen. Det skuldast i hovudsak at mange nynorskbrukarar frå regionen vel å busetja seg i Bergen. Dessutan har byen store og sterke institusjonar som sørgjer for at begge skriftspråka er synlege.

Norsk språk er ikkje truga i Bergen. I proposisjonen til språklova skriv regjeringa at det ikkje er språkdød, men domenetap som trugar norsk språk. Med domenetap meiner ein at språket misser posisjonen sin på eit område og blir mindre brukt. «Når engelsk vinn stadig sterkare innpass medan norsk blir trengd tilbake, står me overfor faren for slike domenetap. Domenet IKT representerer store utfordringar for norsk språk».<sup>15</sup>

Slik stoda er no er det ikkje sannsynleg at bergensarane tar til å snakka engelsk, men skal norsk takast vare på som samfunnsberande språk må det nyttast på alle viktige samfunnsområde.

---

<sup>15</sup> Sitatet er henta frå Prop. 108 L (2019–2020) Lov om språk (språklova). IKT er ei forkorting for informasjons- og kommunikasjonsteknologi.

## 4. Norsk – vårt felles ansvar

Norsk språk er ein levande organisme. Språket er i stadig endring og utvikling, og tar heile tida opp i seg nye ord og omgrep.

Før var det vanleg å bruka dei høflege formene «De-Dykk-Dykker» og det blei rekna som respektlaust å tiltala nokon du ikkje kjente med eit uformelt du, deg eller din. I løpet av 1970-åra endra dette seg. I dag brukar offentlege organ, og dei fleste andre, stort sett du, deg og din. Dei orda som før blei oppfatta som høflege, kan i dag skape unødig avstand og virke vel så bryske som høflege.

Samstundes som me veit at språket er i stadig utvikling, veit me at små språk er utsette i møte med større språk. Sjølv om norsk er eit vitalt og relativt stort språk i verdssamanheng, er det på nokre områder utsett for press frå verdsspråket engelsk. Dette merkar me også i Bergen. Det er ikkje alltid lett å trekkja grensa for når andre språk bidreg til å utvikla norsk språk og når det er ein trugsel mot det.

Bergen kommune skal ikkje berre bidra til å bevare og bruka det norske språket, men også vera med på å utvikla det.

### **Kven har ansvaret?**

Truleg er ein av grunnane til at norsk står så sterkt i det norske samfunnet, at språket blir brukt i både barnehage, skule, offentleg sektor, rettsvesen, næringsliv, academia, frivillig sektor, trussamfunn og ikkje minst i heimen. Gjennomgangen av språkstoda i Bergen i førre kapittel viser at norsk alt i alt står sterkt i alle desse sektorane. Nøkkelen til å bruka, styrkja og utvikla norsk språk er å tryggja språket i alle desse sektorane. Difor er det viktig med ein tydeleg språkpolitikk som blir følgd opp innanfor alle politikkområde.

Språket er eit av dei viktigaste verktøya me har når dei kommunale tenestene blir utførte. Innanfor helse- og omsorgssektoren får innbyggjarane livsviktige tenester, og då er det særleg viktig at kommunen møter brukaren eller pasienten med eit språk som han eller ho forstår. Dette gjeld både i personlege møte og når innbyggjarane får skriftleg informasjon frå kommunen. Tilsette i barnehagen og skulen gir barn, ungdomar og innvandrarakar moglegheita til å delta i det norske samfunnet og fellesskapen ved å gje dei nøkkelen: nemleg det norske språket. Språk er også sentralt innanfor andre politikkområde, eksempelvis kunst- og kultur, byutvikling, frivilligheita og digitalisering. Det er heilt nødvendig å meistra norske språk for å klara seg godt i det norske samfunnet.

Alle delar av Bergen kommune er med andre ord tett knytt saman med språk. Godt språk legg grunnlag for gode tenester. Dette talar for at alle delar av kommunen har ansvar for å bruka, styrkja og utvikla norsk språk. Å jobba etter språkpolitiske mål vil i mange tilfelle bidra til å nå andre mål i den enkelte sektoren. Språk og språkbruk er noko ein må ta omsyn til i mange samanhengar og på tvers av sektorane.

Kommunen har ein språkprofil gjennom digitale rettleiarar på intranett. Tidleg i klarspråkarbeidet blei kommunen sin språkprofil innarbeidd i kommunikasjonsrettleiaren og digitale språkkrettleiarar som utfyller den. Språkrådets skriveråd er lagt til grunn for kommunen sin klarspråkplakat og

språkrettleiarar. Språkprofilen har retningslinjer for god og effektiv kommunikasjon med andre. Språkprofilen skal hjelpe medarbeidarar og leiarar med å laga brukarvennlege tekstar, styrkja språkkompetansen og auka bevisstheita om kommunen sin skrivekultur.

For å lukkast med at alle tar ansvar for det norske språket innanfor sine ansvarsområde, er det viktig å forankra språkpolitiske mål i leiinga og i styringssystemet. Gjennom denne planen blir kommunen sine språkpolitiske mål fastsett. I tillegg fastslår den nokre felles strategiar og tiltak for heile kommunen, men dei enkelte sektorane må integrere språkpolitikken i eigne planar for området sitt. I tillegg må alle vera merksame på og vurdere språkpolitiske konsekvensar i forvaltninga og utviklinga av eigen sektorpolitikk.

## Andre kommunikasjonspråk

Det er også verdtt å nemna at ein del personar med tale- og språkvanskar brukar «Teikn som støtte for munnavlesing» (TSS), norsk med teiknstøtte (NMT) og teikn til tale (TTT). Teikn til tale er mykje brukt mellom personar med utviklingshemming. Det er eit tillegg til talespråk og ikkje eit alternativt språk. Teikna som blir brukte er i stor grad henta frå norsk teiknspråk, men dei fleste nyttar også andre teikn, også teikn som dei har laga sjølv. Alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) er alternative og supplerande måtar å kommunisera og uttrykkja seg på enn tale. Døme er å kommunisera ved hjelp av biletlege, grafiske, ortografiske, taktil (som ein kan kjenna med kjenslesansen) og manuelle symbol.

Stortinget har bede regjeringa om å koma tilbake med framlegg til korleis retten til symbolspråk kan takast inn i språklova.

## MÅL

Bergen kommune brukar, utviklar og styrkjer norsk språk.

## STRATEGI

1. Språkpolitikken er noko som gjeld alle politikkområde.
2. Alle delar av kommunen tar språkpolitiske omsyn når dei lagar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

## TILTAK

1. Gjera kommunens språkpolitikk kjent og tilgjengeleg for dei tilsette i kommunen.
2. Oppretta eit internt språknettverk som kan diskutera språkpolitiske problemstillingar og løfta aktuelle løysingar.
3. I størst råd bruka norske ord og uttrykk, heller enn utanlandske. Tilsette skal oppmuntrast til å finna og ta i bruk avløyssarord eller gje lånord ein norsk skrivemåte i staden for å bruka lånord frå eksempelvis engelsk.
4. Styrkja kjennskapen til kommunen sin kommunikasjonsrettleiar og språkprofil, styrkja språkkompetansen og auka den språklege bevisstheita.
5. Språkpolitikken skal integrerast i relevante nye planar og politiske saker.
6. Endra «målform» til «skriftspråk» i rettleiarar og andre kommunale dokument for å understreka at nynorsk og bokmål er to norske skriftspråk.
7. I alle saker som gjeld språk, eller som kan påverka språk, skal det takast særlege omsyn til kva verknad tiltaka i saka vil ha for norsk språk generelt og nynorsk spesielt.
8. Namn på avdelingar, seksjonar og etatar skal vera enkle og forstålege. Gode råd og retningslinjer for namnesetjing skal bli ein del av språkprofilen til kommunen. I visse bydelar bør det skiltast på nynorsk, og somme avdelingar, seksjonar og etatar



- skal anten ha namn på både nynorsk og bokmål eller berre nynorsk.
9. Ord og omgrep, som blir brukt om diagnosar, grupper i befolkninga og ulike tenester, må vurderast med varsemd og i samråd med aktuelle fagfelt, brukarar og pårørande. Det er viktig å ikkje bruka omgrep som er utdaterte eller som kan verka støytande.
  10. Bruka tilskot som eit verkemiddel for å styrkja produksjon, utgjeving og formidling av norsk litteratur.
  11. Samarbeida med utdanningsinstitusjonane i Bergen om vår felles interesse i å ivareta og utvikla eit godt norsk fagspråk i yrka som er relevante for Bergen kommune.
  12. Utarbeida eit e-læringsverktøy som skal bidra til å sikra at alle som arbeider med brukarar som nyttar teikn skal ha nødvendig kunnskap om og trening i dette, samt at dei veit når tolk skal bli brukt.

**ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:**

- Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030 (behandla i Bergen bystyre i møte 27.01.2021 sak 9/21).
- I ny temaplan for likestilling og plan for kjønns- og seksulitetsmangfald som begge er under arbeid, kan bruk av ord og omgrep, bli eit tema.
- Instruks for samfunnsplanlegging i Bergen kommune (planinstruks) (behandla av byrådet i møte 06.02.2020 sak 1034/20).
- Hvordan utarbeide saksframlegg til byrådet, bystyreutvalg og bystyret (intern rettleiar)
- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).
- Språkrettleiarane på kommunen sitt intranett (interne rettleiarar).



# 5. Nynorskens hovudstad

Nynorsk og bokmål er to likeverdige skriftspråk. Styrkjeforholdet mellom dei to er likevel ikkje likt. Gjennomgangen av språkstoda i Bergen viser blant anna at svært få elevar har nynorsk som sitt hovudmål, men også at delen vaksne nynorskbrukarar i Bergen er stor nok til å fylla ein eigen bydel. Nynorsk er med andre ord både sårbar og synleg i byen med dei sju fjell. Sidan nynorsk er det minst brukte norske skriftspråket har offentlege organ, mellom dei kommunen, eit særleg ansvar for å fremja nynorsk.

Denne planen erstattar *Kåra for nynorsk i Bergen*<sup>16</sup> som blei vedteken av Bergen bystyre 21.08.2018 i sak 47/18. Sjølv om *Ordet fangar – språkpolitisk plan* omhandlar fleire språkpolitiske tema enn *Kåra for nynorsk i Bergen*, har bystyret vore tydelege på at dei ønskjer at dei viktigaste føringane i politikken for meir nynorsk i Bergen blir vidareførte.

Bergen kommune, slik me kjenner grensene frå 1972, var språkleg nøytral etter den gamle mållova. Det har mest å seia for kva skriftspråk statlege styremakter skal venda seg til kommunen på og mindre å seia for kommunen sin eigen språkbruk.

*Kåra for nynorsk* har fått mykje positiv merksemd. Bergen kommune gjekk frå ei litt likesæl til medviten haldning til nynorsk. Med den planen har det skjedd noko i kommunen. Bystyret kom på eit sett den nye språklova litt i førevegen.

I byrådsplattforma står det at det «skal gis fast tilbud om en nynorsk parallellklasse på en sentrumsskole». Det har vore utfordrande å få nok søkjarar til nynorsk parallellklasse på ein sentrumsskule. Skuleåret 2022/23 vart det difor planlagt nynorskklasse ved Midttun skule i Fana, men trass i omfattande informasjon om tilbodet er det ikkje kome inn nok søkjarar til å kunne opprette tilbodet.

## MÅL

1. Det skal vera enkelt å vera nynorskbrukar i Bergen.
2. Det skal vera enkelt å velja nynorsk i Bergen.
3. Bokmål og nynorsk skal vera synlege frå Bergen kommune.

## STRATEGI

1. Bergen kommune skal fremja nynorsk.
2. Arbeidet med å fremja nynorsk skal vera særleg sterkt i nynorskbydelen Arna.

## TILTAK

1. Halda fram som ein språkøytral kommune. Det vil seie at statsorgan kan bruka både bokmål og nynorsk i skriftleg kommunikasjon til kommunen.
2. Tilsette kan i arbeidet nytta det skriftspråket som dei ønskjer, og både tilsette og folkevalde blir oppfordra til å bruka nynorsk.
3. Innbyggjarane skal som hovudregel få svar på same skriftspråk som dei vender seg

<sup>16</sup> Status for gjennomføring av tiltaka i «Kåra for nynorsk» finnes i sak 95/19 og 253/20.

- til kommunen med. Dette gjeld også når innbyggjarar vender seg til byrådet.
4. Saksframlegg til byrådet, bystyret og kunngjeringar kan skrivast på anten nynorsk eller bokmål. Saksframlegg som berre gjeld Arna skal så langt som råd skrivast på nynorsk.
  5. Tilsette som har behov for kurs i nynorsk skal få tilbod om dette.
  6. I verktøykassa for språk på intranett skal det leggjast inn fleire hjelpemiddel og råd for dei som ønskjer å skriva betre nynorsk.
  7. Ha nynorskkontaktar i alle byrådsavdelingane som kan gje lett kollegastøtte til dei som ønskjer tilbakemeldingar på tekstar dei har skrive.
  8. Nynorsk skal bli meir synleg og vanleg i alle informasjonskanalane til kommunen. Målet er at ein tidel av all framtidig utoverretta kommunikasjon (nyhende, kunngjeringar, informasjonsmateriell, sosiale medium osv.) skal vera på nynorsk. Politiske saker på nynorsk skal omtalast på nynorsk.
  9. Ein tidel av Bergen kommune si årsmelding skal vera på nynorsk.
  10. Utarbeida nynorske versjonar av dei mest brukte malane, samt ei nynorsk ordliste over vanlege uttrykk som blir brukte i Bergen kommune. Ordlista bør innehalda nynorske, standardiserte avdelingsnamn, stillingstitlar og andre relevante ord og uttrykk.
  11. Bli medlem av nettverket Nynorskfylket Vestland. Nynorskfylket Vestland er eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområda i Vestland fylke. Nettverket er ein arena for deling, fagleg utvikling og språkpolitiske diskusjonar.
  12. Når kommunale vegar, gater, skular og andre kommunale og offentlege bygningar og anlegg blir namnsette, skal nynorsk skrivemåte leggjast til grunn i område der nynorsken historisk sett har stått sterkt.

## SÆRSKILDE MÅL FOR SEKTORANE BARNEHAGE, SKULE OG KULTUR

Som nemnt i det førre kapittelet er det viktig at dei enkelte sektorane integrerer språkpolitikken i eigne planar for området sitt. I tillegg må alle vera merksame på og vurdera språkpolitiske konsekvensar i forvaltninga og utviklinga av eigen sektorpolitikk. I Bergen kommune er det to politikkområde som har ekstra stor betydning for kårå for nynorsk. Det første området er barnehage og skule, medan det andre er kultur. For å sikra at dei viktigaste måla i politikken for meir nynorsk i Bergen blir vidareførte får desse to områda spesiell merksemd under.

Innanfor området barnehage og skule skal følgjande mål gjelda:

- Informasjon om språklege rettar skal vera lett tilgjengeleg. Alle skulestartarar skal få informasjon om retten til nynorskklasse.
- Ved endringar i skulestrukturen skal kommunen ta omsyn til at elevar med nynorsk som opplæringsmål skal få halda fram med det.
- Syta for at elevar i bergensskulen har tilgang på skriveprogram med funksjonell skrivestøtte og stavekontroll på bokmål og nynorsk
- Både i barnehagen og skulen skal det, uavhengig av opplæringsmål, bli lagt til rette for at barna tidleg møter, får kunnskap om og kompetanse i både bokmål og nynorsk.
- Bergen kommune tilbyr nynorskkurs for (norsk)lærarar som ønskjer dette.
- Elevar i bergensskulen kan møte tekstar med både bokmål og nynorsk som skriftmål, heilt frå 1.klasse.
- Bibliotek i Bergen skal fremje nynorsk litteratur, både overfor lærarar og elevar.

- Arbeida for at læremiddel skal vera tilgjengelege på både bokmål og nynorsk. Kvar einskild rektor sørger i tråd med Opplæringslova for at skulen oppfyller krava om læremiddel på eige opplæringsmål.
- Oppretta eit tilbod om nynorsk parallellklasse på ein skule – uavhengig av kravet om ti elevar.
- Ungdomsskular i Bergen som tek i mot nynorskelevar må leggja til rette for lærebøker, prøvar, testar og anna skriftleg materiale er tilgjengelege på nynorsk, samt så langt som råd samla nynorskelevar i same klasse.
- Følgja opp intensjonane i *Interpellasjon nr. 1 fra Øystein Hassel (A) og Reidar Staalesen (A) til BEBY møte 200116 vedr. sikring av rettane til nynorskelevar på ungdomstrinnet.*

Innanfor området kultur skal følgjande mål gjelda:

- Styrkja institusjonar og festivalar som formidlar kvalitativ litteratur på nynorsk, til dømes Bergen internasjonale litteraturfestival.
- Nynorsk skal vera ein del av tilbodet som blir gitt gjennom Den kulturelle bæremeisen, Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken.
- Støtta opp om Det Vestnorske Teateret som eit nynorsk scenekunsthus og ein viktig scenekunstarena i Bergen.
- Bidra til å sikra eit rikt kulturtilbod på nynorsk, mellom anna gjennom tilskot til gode og relevante aktørar og prosjekter frå kommunens tilskotsordningar på kunst og kulturfeltet.
- Løfte folkebiblioteka som ein viktig arena for formidling av nynorsk og kunnskap om språk.
- Oppretta eit nynorsk turbibliotek, gjerne etter Dagsturhytte-modellen, i tråd med vedtak knytt til representantforslag frå Tore Landmark (FP) om dagsturhytte og turbibliotek i Arna.

#### ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:

- Plan for Smart oppvekst i Bergen - plan for digitalisering og innovasjon i barnehage, skole og idrett 2019–2022 (behandla i Bergen bystyre i møte 30.01.2019 sak 9/19). Arbeidet med å oppdatere planen skal etter planen starte opp i 2022.
- Utkast til Barnehagebruksplan for Bergen 2022-2035, som er ei rullering av Barnehagebruksplan 2016–2030 Rett bygg på rett sted til rett tid, var på høyring fram til 25. september 2022. Planen skal etter planen behandlast i bystyret årsskiftet 2022/23.
- Skolebruksplan for Bergen 2021–2030 (vedtatt av Bergen bystyre 22.09.21 sak 254-21).
- Sammen for kvalitet - læring og medvirkning. Kvalitetsutviklingsplan for bergensskolen 2022/23-2026/27 (behandla i Bergen bystyre i møte 22.09.2022 sak 236/22).
- Sammen for kvalitet - lek og læring. Kvalitetsutviklingsplan for kommunale barnehager i Bergen 2018–2021 (behandla i Bergen bystyre i møte 31.01.2018 sak 12/18). Arbeidet med å oppdatere planen skal etter planen starte opp i 2023.
- Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021–2025 (behandla i Bergen bystyre i møte 24.03.2021 sak 91/21).
- Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021–2030 (behandla i Bergen bystyre i møte 17.01.2021 sak 9/21).
- Kulturarenaplan for Bergen 2019 til 2030 (behandla i Bergen bystyre i møte 24.10.2019 sak 238/18).
- Bergen kommunes kunstplan for det profesjonelle feltet 2018–2027 (behandla i Bergen bystyre i møte 31.01.2018 sak 9/18).
- Amatørkulturplan for Bergen 2018-2027 (behandla i Bergen bystyre i møte 31.01.2018 sak 10/18).
- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).

## 6. Digitalisering og språk

Som resten av verda er også Bergen kommune på veg mot ei digital omdanning av tenestene våre. Språket er like mykje til stades på ein skjerm som på eit papir. Difor må også språkpolitikken møta den teknologiske utviklinga. Skal me utvikla norsk språk, må me også ha digitale løysingar og tenester som har eit godt og forståeleg norsk. Det er ikkje greitt at informasjon, som var lett tilgjengeleg på norsk i ei analog verd, brått skal bli mindre tilgjengeleg når verda let seg digitalisera.

### Nye yrkesgrupper

Nye yrkesgrupper har kome på plass saman med digitaliseringa. I papirverda sytte tekstforfattaren og typografen for å gjera oppsett av dokument og skjema tilgjengelege og leselege. Dette faglege samspelet skjer også når dei offentlege tenestene tar eit digitalt steg. Nye yrkesgrupper har spesialisert seg på å utforma tenestene, sørgja for at brukarane får ei god reise og tar brukarane med i utviklinga av dei. Aldri tidlegare kan me seie at omsynet til brukarane har fått ein slik plass. Der brukarane tidlegare kan hende fekk eit skjema i handa, er dei no med på å utvikla det.

Språket er ikkje berre til stades i ein artikkel på ein kommunal nettstad. Det handlar vel så mykje om korleis nettsida er utforma med val av ordlyd i menyval. Og alt det som ligg bak av løysingar kommunen har utvikla sjølv, utvikla i samarbeid med andre eller kjøpt inn frå store og små verksemdar.

### Digitale tenester for alle

Interne og eksterne brukarar av kommunen sine digitale tenester møter språk på heile reisa, anten dei har rolla som forvaltarar eller brukarar. Det kan handla om korleis skjema, løysingar for sakshandsaming, breva som går ut, program og applikasjonar er forma og språket i dei.

Universell utforming handlar om å gjera tenestene tilgjengelege for alle, også for dei som har ei nedsett funksjonsevne. Ein reknar at om lag 20 prosent av innbyggjarane slit med å anten høyra, sjå, lesa eller dei har problem med motorikk eller kognitive utfordringar. Kognitive utfordringar kan vera knytte til hugs, konsentrasjon, finna ord eller å uttrykkja seg tydeleg. Kognitive utfordringar kan også vera lærevanskar, utviklingshemming og utfordringar med å forstå indirekte tale, biletlege uttrykk og opne generelle utsegn.

Bergen kommune skal følgje dei lovfesta prinsippa om universell utforming av digitale løysingar. Det er mellom anna utarbeidd ei sjekklister for dette som skal brukast når nye sider eller applikasjonar skal takast i bruk. Bonusen med dette er at det ikkje berre blir brukarvennleg for denne delen av folket, men kjem alle til gode: eldre, dei som har eit anna morsmål enn norsk eller dei som har gløymt lesebrillene.

Bergen kommune har ein politisk vedtatt kanalstrategi. Han seier ein heil del om kva kanalar kommunen skal kommunisere i. Når kommunen legg opp til at fleire skal hjelpa seg sjølv, blir forståeleg informasjon, gode tekstar og klart språk på nettsidene til kommunen ein viktig føresetnad for å nå måla i strategien.

## Språket i botnen av tenesteutviklinga

Omsynet til språk er altså ikkje berre reservert for norsklærarar, dei som lever av å skriva, tolkar og andre språkentusiastar. Det er eit omsyn som også må vera i botnen for dei som har jobben med å utforma tenestene våre i ei digital retning:

«Når vi utviklar nye tekniske system og arbeidsprosessar, bør klart språk vere ein naturleg del av arbeidsmetodikken hos både prosjekteigarar og leverandørar. Det offentlege må i større grad etterspørre klart språk i innkjøpsprosessen, medan leverandørane i større grad må tilby kompetanse på klart språk i sine tilbod.»<sup>17</sup>

Språkpolitikk er også noko som gjeld utviklarar, UX-designarar, systemforvaltarar og systemeigarar og innkjøparar.

«Offentlig sektor skal legge til rette for likeverdig deltakelse i samfunnet for alle innbyggere, uavhengig av funksjonsevne eller livssituasjon. En viktig suksessfaktor for dette er at tjenester som tilbys er universelt utformet. En annen suksessfaktor er at det offentliges kommunikasjon og samhandling med brukerne skal skje på et klart og godt språk. Det gjelder også ved utviklingen av sammenhengende tjenester.»<sup>18</sup>

I digitaliseringsstrategien til KS heiter det at kommunal sektor systematisk må arbeida for at klarspråk blir ein del av utviklinga av dei digitale tenestene.<sup>19</sup>

## Gi teknologien ei hand

I *Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021–2025* er klart språk lista opp som ein av metodane som kan hjelpa kommunen til å arbeida framtidsretta. Klart språk og innovasjonsarbeidet må hengja saman. Eit overordna mål i strategien er meir samarbeid på tvers for å skapa tenester som hengjer i hop og som løyser behova til brukarane uavhengig av kven som leverer tenesta.

Nasjonalt er det eit viktig mål i språkpolitikken å gjera det mogeleg å nytta norsk på alle område i samfunnet. Det målet skal også gjelda digitale verktøy og tenester. Nasjonalbiblioteket og Språkrådet har fått i oppdrag av Kulturdepartementet å gjera det mogeleg å nå desse måla gjennom å utvikla ein språkbank. Språkbanken er ei teneste hjå Nasjonalbiblioteket som inneheld tekst- og taleressursar som kan brukast til å utvikla språkteknologi på norsk.

Nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre seier det slik:

«Det er godt at ulike miljø i Norge samarbeider, men det finnes noen viktige aktører som vi ikke kan kontrollere. Teknologigiganter som Apple, Google og IBM er naturlig nok lite opptatt av norsk språkpolitikk. Skal gigantene arbeide i tråd med norsk kulturpolitikk, må vi både stille krav og tilby hjelp.»<sup>20</sup>

I digitaliseringsstrategien til regjeringa står det at språkteknologi er ein føresetnad for at språk skal overleva som bruksspråk i eit moderne samfunn.<sup>21</sup> Dersom språket ikkje flyttar med resten av samfunnet inn i teknologien, er det ein reell fare for at det blir mindre brukt og svinn hen. Skal norsk

<sup>17</sup> [Digitaliseringsdirektoratet: Kva er klart språk i digitale tenester?](#)

<sup>18</sup> Regjeringen: *En digital offentlig sektor*, s. 17.

<sup>19</sup> KS: *Digitaliseringsstrategi for kommuner og fylkeskommuner 2017–2020*, s. 13

<sup>20</sup> Språkrådet: *Språknytt 1/21*

<sup>21</sup> [Stortingsmelding 27 \(2015-16\): Digital agenda for Norge](#)

vera eit samfunnsberande språk, må norsk språk nyttast i digitale løysingar.

## Teknologi som språkstøtte

Teknologien er berre eit trugsmål mot norsk og andre mindre verdsspråk dersom språket ikkje blir brukt eller ikkje er synleg. Teknologien er også ein stor språkhjelpar. Den gir oss ressursane me treng for å slå opp ord og finne bøyingsformer, slik at språket vårt blir mest mogeleg korrekt. Teknologien kan hjelpa oss til å lesa innhald på språk me ikkje kan. Det finst ei rekkje løysingar som gjer det mogeleg å læra eit nytt språk.

Språkteknologien gir folk store mogelegheiter. Det er fantastisk at dei som slit med å lesa kan få innhaldet lese opp anten det er frå ei god bok eller ei nettbasert skildring av ei kommunal teneste. Dersom du har problem med å røra deg, men framleis har ei god røyst, kan du bruka stemma til å styra pc og andre hjelpemiddel.

Ein føresetnad er at teknologien skjønner kva me seier, anten me er innfødde bergensarar, masfjordingar eller har polsk aksent.

### MÅL

Bruk av teknologi og digitale løysingar skal støtta opp om språkpolitiske mål.

### STRATEGI

Bruka digitaliseringa og utviklinga av nye tenester til å fremja bruken av språka i Noreg og forhindra at teknologien svekkjer bruken av dei.

### TILTAK

1. Ivareta språkpolitiske omsyn i digitaliseringa av tenester.
2. Fagmiljøet på digitalisering i kommunen skal bidra til å utvikla norsk fagspråk.
3. Stilla språkkrav i utviklinga av nye digitale tenester og til leverandørar når me kjøper inn verktøy og program. Nye verktøy og program skal finnast på både bokmål og nynorsk.
4. Eit godt og brukarretta språk er eit krav i den universelle utforminga av informasjons- og kommunikasjonstenester. Kommunen skal halda ved like og utvikla sjekklista for brukskvalitet i digitale løysingar.
5. Leggja til rette for at innhaldet på nettsidene til kommunen skal bli søkbart på begge dei to norske skriftspråka.
6. Spreia informasjon i kommuneorganisasjonen om språkrobotteknologi som kan vera til hjelp når tilsette skal skriva på andre skriftspråk enn det dei er vande med, eksempelvis nynorsk.

#### ANDRE RELEVANTE PLANAR:

- Plan for Smart oppvekst i Bergen - plan for digitalisering og innovasjon i barnehage, skole og idrett 2019–2022 (behandla i Bergen bystyre i møte 30.01.2019 sak 9/19). Arbeidet med å oppdatere planen skal etter planen starte opp i 2022.
- Digitaliseringsstrategi for Bergen kommune 2021–2025 (behandla i Bergen bystyre i møte 24.03.2021 sak 91/21).
- Digital fornyelse og iverksettelse av kanalstrategi i Bergen kommune (behandla i byrådet i møte 07.09.2018 i sak 1212/18).
- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).

# 7. Klart språk? Klart det.

Krav om klart språk i det offentlege har gått frå å vera ei gryande rørsle, både nasjonalt og internasjonalt, til å no bli lovfesta. Fleire offentlege etatar har arbeidd med dette dei seinaste åra, men no får offentlege organ eit lovpålegg om å kommunisere på «eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa».

For at ein tekst skal vera skriven i klarspråk må dei som les han

- finna det dei treng
- forstå det dei finn
- bruka det dei finn til å gjera det dei skal

## Klarspråk krev systematisk arbeid

Bergen kommune har arbeidd med klart språk sidan 2016. Programmet til KS, «Klart språk i kommunesektoren», har vore med på å gje fart og inspirasjon til dette arbeidet. Fleire tilsette har gått på kursa KS har i klarspråk.

Språkarbeidet har blitt meir forsterka og systematisk. Det har gitt resultat. Kommunen fekk Klarspråkprisen for kommunar og fylkeskommunar for 2020. Juryen meinte kommunen hadde pågangsmot i arbeidet med klart språk og at me har eit godt system for å sikra kvaliteten på tekstane. Kanskje best av alt er at i 2020 meinte 83 prosent av dei spurde i ei innbyggjarundersøking at informasjonen frå Bergen kommune er lett å forstå.

Innbyggjarane møter ikkje kommunen berre i den informasjonen som dei finn på nettsider, sosiale media og kunngjeringar. Kommunen sender også den einskilde innbyggjar brev om vedtak som har noko å seia for livet deira, anten dei vil byggja ein garasje eller ønskjer ei omsorgsteneste. På vegen for å koma i kontakt med eller søkja om ei teneste er det innbyggjarhjelparar og skjema.

Klarspråkarbeidet blir kommunen aldri ferdig med. Det kjem nye produsentar av innhald, kommunen utviklar nye tenester og det blir stadig skrive nytt innhald. Kravet i språklova set endå strengare krav til at kommunen har eit godt system for å følgja dette opp.

## Slik har det vore arbeidd med klarspråk

Dette er nokre døme på klarspråkarbeidet i Bergen kommune sidan 2016:

- Innhald som skal på nettsida, i brosjyrar, plakatar, SMS og annonsar går gjennom fleire ledd før han når mottakarane. Det kan starta med eit utkast frå ein fagperson som samarbeider med ein kommunikasjonsrådgjevar. Sidan går teksten til den sentrale redaksjonen i kommunen for å bli korrigert og utvikla. Alle ledd nyttar kompetansen dei har på språk og brukaråtferd for å få teksten til å passa inn i relevante kanalar.
- Språket i kommunale skjema blir gjennomgått. Tekstar blir brukartesta av førstelinja og kontinuerleg følgd opp etter innspel anten frå kundesenteret til kommunen eller tilbakemeldingar folk gir direkte på nettsidene.
- Standardbrev som går ut til mange mottakarar har blitt språkvaska. Det gjeld til dømes brev til føresette om opptak i barnehage, klagerett i svar frå NAV og brev om at avløpsnettet må fornyast.



- I opplæringa av dei som skriv saker for politiske organ, er det ein fast bolc om klarspråk. Ein viktig bodskap i opplæringa er at politiske saker blir skrivne tydeleg, slik at både folkevalde og innbyggjarane kan ta til seg informasjon og engasjere seg i saker som angår dei.
- Kommunen har kompetanse på klarspråk både i den sentrale informasjonsavdelinga og kommunikasjonsmiljøa ute i avdelingar og etatar. Mindre prosjekt har blitt oppretta når det har vore trong for det. Innbyggjerservice møter kvar dag innbyggjarane direkte og har ein unik kunnskap om kva folk leiter etter og språklege hinder på vegen.
- Kommunen har lett tilgjengelege rettleiarar om klarspråk på interne nettsider. Det er også utarbeidd ein eigen klarspråkplakat på bokmål og nynorsk.
- I samband med omlegginga av nettsidene og opprettinga av Innbyggjarhjelpa er det etablert eit system der kvar side har ein ansvarleg for det faglege innhaldet og ein har ansvaret for formidlinga av innhaldet. Alle eksterne brukarar kan melde om dei er nøgde eller ikkje med innhaldet. Meldinga går rett til dei ansvarlege.

## Vegen vidare for meir klart språk

Bergen kommune har gode resultat å visa til når det gjeld klarspråk, men dette er eit arbeid som me ikkje kjem til å bli ferdig med. Kva språk kommunen brukar seier noko om kva kommune me vil vera. Me ønskjer at bergensarane skal lite på kommunen og me vil ha engasjerte innbyggjarar som deltek i utforminga av bysamfunnet. Då må me kommunisera med innbyggjarane våre på deira premiss.

Klart språk gir berre gevinstar. Det sikrar rettane til innbyggjarane og det reduserer mistydingar. Det skapar tillit mellom innbyggjarane og kommunen. Språket til kommunen må vera like tydeleg og tilgjengeleg i skrift som i tale. Legen seier ikkje til pasienten at ho har fått *nasopharyngitis*, men fortel ho at no er ho forkjøla.

Klarspråk er bra for alle, men gjer det også lettare for dei med nedsette funksjonar eller som ikkje er så gode i norsk å forstå.

Med eit lovkrav om klarspråk har arbeidet med dette fått ein heilt annan karakter. Kommunen har trong for tydelegare rutinar. Arbeidet må intensiverast gjennom at alle som formidlar i tekst og tale til innbyggjarane veit kva klarspråk inneber.

Språkrådet tar del i eit arbeid med å utvikla ein internasjonal standard for klarspråk. ISO-standarden er under arbeid og er venta ferdig i slutten av 2022. Bergen kommune skal vurdere å bli sertifisert etter denne standarden.

### MÅL

Bergensarane skal forstå informasjon og brev frå Bergen kommune.

### STRATEGI

Klart språk skal leggja grunnen for utviklinga av alle tenester og tekstleg innhald i Bergen kommune.

### TILTAK

1. Etablere gode rutinar for brukartesting når nye løysingar skal utviklast.
2. Etablere gode rutinar for å gjennomgå standardbrev.
3. Leggja til rette for kurs- og opplæringstilbod for tilsette i klarspråk.
4. Vidareføra og utvikla rutinane for å sikra kvaliteten på intern og ekstern informasjon.
5. Innarbeida krava til godt og klart språk i relevante rettleiarar og kvalitetssystem.
6. Utarbeida alderstilpassa informasjon i relevante saker for auka forståing og involvering.



**ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:**

- Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021-2030 (behandla i Bergen bystyre i møte 27.01.2021 sak 9/21).
- Digital fornyelse og iverksettelse av kanalstrategi i Bergen kommune (behandla i byrådeti møte 07.09.2018 i sak 1212/18).
- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).
- Hvordan utarbeide saksframlegg til bystyret, bystyreutvalg og bystyret (intern rettleiar).
- Språkrettleiarane på kommunen sitt intranett (interne rettleiarar).

## 8. Bergensk er knall i padden

Målføra i Noreg har ein sterk posisjon og gjer at me lett avslører heimstaden når me opnar munnen. Det er ein stor ordrikdom i dialektane. Du treng ikkje å sitje mange timane i elbilen før du høyrer merkbare endringar på vegen ut frå Bergen. «Moro mi». «Moræ mi». «Mori mi». «Min mor og de». *Mor*, eit sterkt hokjønnsord i bunden form eintal, blir tradisjonelt uttalt annleis nord, sør og aust for Bergen. Og når ordet kjem til bergensk misser det kjønnet sitt.

Som språk elles endrar dialektane seg.<sup>22</sup> Det var lettare å halda på målet når du heile livet var på ei øy eller i ein dal og stort sett var omgitt av folk som snakka nett slik som deg. Gode kommunikasjonar, det at me flyttar på oss gjennom livet og det at me er omgitt av inntrykk frå andre kantar av landet er med på å jamna ut skilnadane mellom dialektane.

Målføra i Bergen er sjølv sagt også i endring på same måte som samfunnet elles. Me skriv målføre i fleirtal for å ta omsyn til at dialektane i Bergen tradisjonelt er meir enn bymålet. Sjølv om bymålet er dominerande i kommunen no. Ord og uttrykk me hadde bruk for tidlegare er bytte ut med ord som er ein naturleg del av dagleglivet i dag. Det er også ein tendens til at det bergenske talemålet får større utbreiing i regionen vår. Det skuldast at bergensarar har flytta på seg og påverka talemålet hjå naboane våre.

I Noreg er det bergenske bymålet rekna som unik mellom målføra i landet. Ein gong i tida var det nok liten skilnad mellom målføret i Bergen og omlandet. Dette endra seg i hansatida. Tyske hanseatar og bergensarar hadde trong for å kommunisera med kvarandre. Då var det greitt å gjera ting enkelt og det førte til at talet på grammatiske kjønn gjekk ned frå tre til to. Det skil bergensk bymål frå alle andre målføre i landet. Ei anna sak er at infinitivsendinga i Bergen er -e, mens omlandet vårt stort sett brukar endinga -a. Det er mykje som skil bergensk bymål frå omlandet, men det er også mykje som einar.

Kommunen kan vurdere å samla særeigne bergenske ord og uttrykk i ein søkbar og open database i samarbeid med forfattarar og forlag som har gitt ut bergenske ordbøker og liknande. I tillegg kan kommunen vurdere å bruka bergenske uttrykk som namn på møterom og tenester.

Bergensk seier mykje om tida som har vore og tida me er i. Orda i bergensk er eit vitnesbyrd om historia vår og er ein del av det som fortel om kva som skil bergensarane frå andre delar av landet. Då Bergen arrangerte sykkel-VM i 2017 hadde nokon skrive «Knall i padden» i vegen opp mot målgangen på Fløyen. Dansk TV2 var med på å gjera verda merksam på særeigne bergenske uttrykk.

Ei populær side på nettsidene til kommunen handlar om bergensk språk. Sida «Ka betyr det for nokke» hadde 36.437 besøkande i 2021.

Bergensk er ein kulturskatt som kommunen må ta vare på. Kommunen skal ikkje ta til å skriva på dialekt. Språklova krev at me held oss til norsk rettskriving, men det er likevel eit vell av høve til å syte for at bergensdialektane er synlege frå Bergen kommune.

---

<sup>22</sup> Skjekkeland, Martin: [«Endringar i norske dialektar» i Store norske leksikon på snl.no.](#)

## MÅL

Bergensdialektane skal vera synleg frå Bergen kommune.

## STRATEGI

Bergen kommune skal bruka eit språk som ligg nært talemålet i kommunen og ta vare på det bergenske ordmangfaldet.

## TILTAK


1. Vidareføra og utvikla «Ka betyr det for nokke» på nettsidene.
2. Ta vare på lokal språkkultur ved å bruka det moderate bokmålet når bokmål blir brukt i kommunal teneste.

### ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:

- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettlear).

## 9. Ikkje alle forstår norsk

Bergen er heimen til 286.930 menneskje frå 146 nasjonalitetar. Bergensarane sit på ein stor språkrikdom. Målt etter kva statsborgarskap bergensarane har, har 11,6 prosent av innbyggjarane i byen utanlandsk statsborgarskap. Kommunen har eit ansvar for alle som oppheld seg i byen vår, anten dei er her for å jobba nokre månadar, studera eit halvt år eller er på ferie.



Figuren viser innvandrarak i Bergen fordelt etter landbakgrunn med butid i Noreg avgrensa til 0-4 år (2018). Kjelde: IMDI/SSB

Ifølgje SSB utgjer innvandrarakane 15,2 prosent av dei som budde i Bergen i 2021. SSB har følgjande fordeling av dette talet:

	Personar
Befolkninga utanom innvandrarak og norskfødde med innvandrarakforeldre	232.682
Norskfødde med innvandrarakforeldre	9.421
Innvandrarak	43.498

For gruppa av innvandrarakar i tabellen over er hovudårsaka til at dei innvandrarakar rimeleg jamt fordelt mellom innvandring grunna arbeid, flyktningar med familieinnvandring og familieinnvandrarakar.

Mange bergensarakar kan språk som polsk, kinesisk, arabisk og hindi. Desse språka er viktige i veksande økonomiar. Dette er ein ressurs som byen kan bli flinkare til å bruka. Biblioteket markerer årleg Den europeiske språkdagen 26. september for å feira det språklege mangfaldet.

Norsk skal vera det samfunnsberande språket i landet. Det er bra for den enkelte og samfunnet at alle som lever og bur i Noreg kan kommunisera med kvarandre på norsk, særleg dersom opphaldet er meint eller endar opp med å vara ei stund.

Mens andre nykomne innvandrarakar har rett og plikt til opplæring i norsk etter integreringslova, gjeld ikkje dette for den store gruppa arbeidsinnvandrarakar frå EØS. Dette vil vera eit brot på prinsippet om at den frie rørsla ikkje skal hindrast av nasjonale lover og reglar. Samstundes er det ei slik plikt for arbeidsinnvandrarakar frå land utanfor EØS.

Det er krevjande å lære seg eit nytt språk og det tar tid å kunna det godt. Koronapandemien har lært oss kor viktig det er å nå fram med informasjon. Dette er særleg viktig i samband med hendingar som har med helse, miljø og tryggleik å gjera.

Kommunen har jamleg omsett viktig informasjon til dei største innvandrarspråka i Bergen. Det er viktig at Bergen kommune har rutinar for dette i samband med andre større beredskapshendingar, der det er avgjerande at alle får same informasjon. I plan for inkludering heiter det at «Nyankomne til Norge har vanligvis begrensede norskkunnskaper og har liten kjennskap til det norske offentlige tjenestetilbudet. Difor har mange behov for ekstra tilrettelagt informasjon fra det offentlige sin side.»

I slike hendingar kan ikkje kommunen nøya seg med å seia «i denne byen nyttar me norsk». Regjeringa har bede Integrerings- og mangfaldsdirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap om å finna ut korleis ein sikrar at innvandrarakane blir nådde i kriser.

Kommunen har eit omfattande opplæringstilbod i norsk og samfunnskunnskap på Bergen læringssenter for norsk- og samfunnskunnskap. Bergen kommune har også ei tolketeneste som kan omsetta til 60 språk. Samarbeidet mellom tolketenesta og dei som har forfatta kriseinformasjon i Covid-19 har vore godt.

Kommunen har også tilbod om språk- og arbeidstrening for innvandrarakar. Bergen offentlige bibliotek er eit populært tilbod for dei som ikkje har norsk som morsmål. Dobbelt så mange av dei besøker biblioteket, enn dei som er oppvaksne med norsk som morsmål.

Biblioteket har i dag eit tilbod om språkkafé, der ein kan snakke norsk med kvarandre. Biblioteket har norsktrening og andre lågterskeltilbod som prosjektet «Rom for møter» i samarbeid med frivillige organisasjonar, næringsliv, innvandrarrådet og fylkesbiblioteket.

I planen som Bergen kommune har for arkiv, bibliotek og museum er det eit mål å styrkja fleirkulturelle tenester med vekt på norsktrening.

## MÅL

Alle som oppheld seg i Bergen skal få nødvendig, kommunal informasjon på eit lett tilgjengeleg språk i samband med hendingar som gjeld helse, miljø og tryggleik.

## STRATEGI

Kommunen har eit språkleg ansvar for dei som oppheld seg i kommunen, men ikkje skjønar norsk. Særleg avgjerande er dette i situasjonar som gjeld helse, miljø og tryggleik.

## TILTAK

1. Omsynet til språkleg forståing må innarbeidast som ein del i den kommunale planlegginga av beredskapen vår.
2. Arbeida opp mot nasjonale styremakter for å sikra at arbeidsinnvandrarar frå EØS-området får opplæring i norsk. Kommunane må sikrast finansiering til å gi dette tilbodet.
3. Bruka møte med nasjonale styresmakter, høgare utdanningsinstitusjonar og fylkeskommunen til å løfta utfordringar innvandrarar og andre har for å få formalisert kompetanse i morsmål og framandspråk.
4. I gjennomføringa av informasjonstiltak i samband med kriser må det takast omsyn til kanal- og språkval for å nå dei som ikkje har tilstrekkelege kunnskapar i norsk. Til dømes bør det lagast ein rettleiar som kan vise dei tilsette i kommunen korleis ein når dei ulike innvandrargruppene.
5. Framleis tilby språk- og arbeidstrening og få med frivillig sektor og næringslivet til å gjera det same.
6. Ta omsyn til at nykomne til landet har trong for ekstra tilrettelagt informasjon frå det offentlege.
7. Spreia informasjon om når tilsette skal bruka tolk og korleis tilsette skal få tak i tolk. Oppfordra fleire tilsette i å ta kurs i korleis dei skal bruka tolk.
8. Sikra særskilt språkopplæring for minoritetsspråklege elevar i tråd med Opplæringslova.
9. Arbeida for at morsmåla til born i barnehagar og elevar i skulen og anna opplæring blir anerkjende.
10. Sikra at minoritetsspråklege pasientar og brukarar får sine lovfesta, språklege rettar oppfylt i møte med kommunale helse- og omsorgstenester.<sup>23</sup>
11. Sikra at informasjonen som ligg på kommunen sine nettsider om språklege rettar er tilstrekkeleg og skriven i klart språk slik at han er enkel å forstå.
12. Det blir skrive inn i retningslinjene for utlysing av ledige stillingar at formelle språkkrav må ha sakleg grunn og følgje det regelverket som finst for dette. Formuleringa tas også med i rettleiingar og generell opplæring.

### ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:

- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).
- Overordnet beredskapsplan for Bergen kommune, administrativ del.
  - o Plan for informasjon til befolkningen er en del av overordnet beredskapsplan og inkluderer plan for befolkningsvarsling, plan for mediesenter og plan for telefonvarsenter.
- Arkiv-, bibliotek- og museumsplanen for Bergen 2012–2021 (behandla i Bergen bystyre i møte 26.22.2012 sak 290-12). For å erstatte denne planen skal det utarbeidast ein Plan for arkiv og ein Plan for biblioteket, samt at Plan for museer og frivillig kulturvern 2022-2031 allereie er vedtatt (behandla i Bergen bystyre i møte 22.09.2021 sak 255/21).

<sup>23</sup> Sjå til dømes *Lov om pasient og brukerrettigheter*, samt tolkelova.

# 10. Språket til urfolk, nasjonale minoriteter og teiknspråk

Den nye språklova gir offentlege mynde, inkludert kommunen, ansvar for å bruka, utvikle og styrkja samiske språk jf. reglane i sameloven kapittel 3, samt verna og fremja kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Bystyret meiner at språklege minoritetar skal oppleva seg involvert i fellesskapet og i minst mogleg grad stigmatisert. Kva kan ein kommune som Bergen gjera når kommunen ikkje er ein del av kjerneområdet for kulturen til samar, kvenar/norskfinnar, romanifolket/tatarar eller romar?

## Samisk

Samiske språk er urfolksspråk i Noreg. Samiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er jamstilte språk etter sameloven<sup>24</sup> kapittel 3.

Dei tre mest utbreidde samiske språka i Noreg er nordsamisk, lulesamisk og sørsamisk. I tillegg finst det to andre mindre samiske språk – austsamisk og pitesamisk. Forskjellen mellom nordsamisk og lulesamisk er omtrent som forskjellen på norsk og svensk, mens sørsamisk er rekna å stå like langt frå nordsamisk som norsk er frå islandsk eller tysk.<sup>25</sup>

Ingen veit sikkert kor mange samar det bur i Noreg eller kor mange som snakkar samisk. Det mest handfaste me har å gå ut frå for å finne ut kor mange samar som bur i ulike delar av landet, er Sametingets valmanntal. Det er eit register over folk som har moglegheit til å stemma eller stilla som kandidat i val til Sametinget. For å kunne melda seg inn i Sametingets manntal, må ein erklære at ein oppfattar seg sjølv som same, og anten<sup>26</sup>

- a) har samisk som heimespråk
- b) har eller har hatt forelder, besteforelder eller oldeforelder med samisk som heimespråk
- c) er barn av person som står eller har stått i manntalet

I 2009 var det 77 personar registrerte i manntalet i Bergen. I 2013 var det 100, i 2017 var det 140 og i 2021 var det 227. I tillegg veit me at det i 2020 var fire personar busette i Bergen som ønskte å få tilsendt skattemeldinga på samisk.

Bergen kommune erfarer at det er utfordrande å skaffa kvalifiserte samisklærarar utanfor dei samiske kjerneområda. Når ein ikkje greier skaffa ein kvalifisert lærar har elev rett til alternative opplæringsformer, som fjernundervisning, intensivopplæring, hospitering eller andre eigna undervisningsformer. Fjernundervisning er sidestilt med stadleg undervisning og skal halda høgt kvalitativt nivå slik at kompetansemåla kan bli nådde.

---

<sup>24</sup> Samelova er under revidering.

<sup>25</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet: [«Rapport fra gjennomgang av samelovens regler» \(2014\)](#), s.13

<sup>26</sup> Sametinget: [«Innmelding i valgmanntallet»](#)



For å følgja opp samiskopplæringa på ein betre måte er det vedteke at Etat for skule skal ha ein fast kontaktperson med særleg ansvar for samiskopplæringa i Bergen. Kontaktpersonen skal følgja samiskundervisninga tettare opp, men og følgja opp skuleeigar sitt ansvar.

I Noreg har me eit forvaltningsområde for samiske språk som omfattar 13 kommunar og tre fylkeskommunar.<sup>27</sup> Kommunane og fylkeskommunane som inngår i forvaltningsområdet for samiske språk har eit særskilt ansvar for å tilby informasjon og tenester til den samiske befolkninga. Kommunar innanfor forvaltningsområdet får tildelt særskilte midlar frå Sametinget til å gjennomføra sine forpliktingar i sameloven. Bergen kommune er ikkje ein del av forvaltningsområdet for samiske språk.

Bergen kommune pliktar likevel å følgja opp dei individuelle språkrettane som gjeld, blant anna når det gjeld retten til opplæring, følgja opp plikta til å tilby samiskspråkleg barnehagetilbod og til å synleggjera nedarva samiske stadnamn. Kommunen kan utover dette bidra til vitalisering av samiske språk for eksempel gjennom å feira samanes nasjonaldag og gjennom å leggja til rette for informasjon på samisk og aktivitetar for samiske innbyggjarar. I tillegg kan kommunen vurdere om det er naturleg for Bergen kommune å ha nærare dialog med Sametinget for å fremja samisk språk.

## Nasjonale minoritetsspråk

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetsspråk i Noreg. Som språkleg og kulturelt uttrykk er kvensk, romani og romanes likeverdige med norsk.

Kvensk er språket til kvenane/norskfinnane, som sidan 1998 har status som nasjonal minoritet i Noreg. Det kvenske/norskfinske folket har levd på Nordkalotten i uminnelege tider. Kjerneområdet var Bottenviken, langs Tornedalen og nordover til ishavet. Starten på dei kvenske/norskfinske busettingane i Norge er ukjent, men frå 1500-tallet har me kvenar/norskfinnar registrert i skriftlege kjelder. Ein reknar med at mellom 2000 og 8000 kvenar/norskfinnar i Noreg har kvensk som førstespråk. Arbeidet med å normere kvensk starta tidleg på 1990-talet med normeringa av kvenske stadnamn. I 2014 gav Eira Söderholm ut boka *Kainun kielen grammatikki*, som kom ut i norsk omsetjing i 2017 med tittelen *Kvensk grammatikk*. Arbeidet med boka skjedde i nær kontakt med Kvensk språkting. Denne grammatikken, den første over det kvenske språket, la det endelege grunnlaget for eit standardisert kvensk skriftspråk.<sup>28</sup>

I Noreg er romani, eller norsk romani, namnet på språket til romanifolket/taterane. Me veit ikkje kor mange som snakkar norsk romani, og heller ikkje kor stor folkegruppa romanifolket/taterane er verken i Noreg eller i Bergen. Mellom yngre romanifolk/taterar er kunnskapane om romani jamt over relativt mangelfull.<sup>29</sup> Språket er i hovudsak munnleg, men det blir arbeida med å utvikla eit skriftspråk.

Romanes er i Norden namn på valakisk romani, språket som blir snakka av folkegruppa rom. Dei som snakkar romani og romanes legg merke til likskapen mellom dei to språka, men skilnadane er samtidig så store – ikkje minst i grammatikk og uttale – at dei må ty til norsk for å føra ein meningsfull samtale. Romanes er lite i bruk som skriftspråk, bortsett frå at talarane brukar språket i mellom anna tekstmeldingar på mobiltelefon, men utan ein einsarta eller standardisert ortografi. Språkforskarar har utvikla ei konsekvent rettskriving som blir nytta i grammatikkar, ordbøker og tekstsamlingar.<sup>30</sup> I 2022 blei den første læreboka i rettskriving på romanes utgitt i Norge.

Felles for både kvensk, romani og romanes er at dei er lite brukte i Bergensområdet.

<sup>27</sup> Sametinget: [«Forvaltningsområdet for samiske språk»](#)

<sup>28</sup> Udir, «Nasjonale minoriteter – kvener/norskfinner». 04.06.2022

<sup>29</sup> Store norske leksikon, s.v. [«Romani» av Rolf Theil](#). 30.06.2021

<sup>30</sup> Store norske leksikon, s.v. [«Romaneés» av Rolf Theil](#). 01.07.2021



## Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

Norsk teiknspråk blir brukt av døve, høyrsllehemma og høyrande som kan språket. Det blir nytta privat og offentleg i alle samfunnslag og i mange yrker. Det er morsmålet til barn med døve foreldre, og blir nytta først og fremst i familiar der ein eller fleire av medlemmane er døve. Det er eit teiknspråk og blir uttrykt ved bevegelsar i hendene og ansiktet, og blir oppfatta gjennom synet. Det er rundt 5 000 døve menneskje i Noreg, og rundt 16 000–20 000 menneskje som nyttar norsk teiknspråk.<sup>31</sup>

I Bergen kommune er opplæring i og på teiknspråk lagt til Nattland oppveksttun. Der får elevane eit teiknspråkleg miljø kor dei kan utvikla språket sitt på lik linje med alle elevane.

Avdeling teiknspråk i Statped er samlokalisert med oppveksttunet og gir tilbod retta mot barn som får teiknspråkopplæring, og deira familie og lærarar. Statped samarbeider òg tett med barnehagen ved oppveksttunet for barn under opplæringspliktig alder som lærer teikn.

Bergen har eit aktivt og tradisjonsrikt teiknspråkmiljø. Bergen Døvesenter, som blei stifta i 1880 og ligg i Kalfaret, er eit sosialt samlingspunkt der teiknspråk blir nytta. I Kalfaret ligg også Døvekirken og Signo Konows senter som er Noregs einaste sjukeheim som har spesialisert seg på døve og døvblinde. Dei tilbyr også bufellesskap for døve med utviklingshemming og teiknspråklege tenester innan heimesjukepleie og heimehjelp. I tillegg tilbyr Signo Dokken AS arbeid på teiknspråk.

I Bergen kan ein også utdanne seg i og på teiknspråk. Høgskulen på Vestlandet tilbyr bachelor i teiknspråk og tolking, der studentane tileignar seg kunnskap, ferdigheiter og haldningar som er nødvendige for å opptre som profesjonell tolk. I tillegg tilbyr høgskulen etter- og vidareutdanning som fokuserer på å gje fordjuping i og på norsk teiknspråk.

Bergen kommune fekk i 2020 klarsignal frå Utdanningsdirektoratet (Udir) til å setja i gong forsøk med å tilby teiknspråk som valfag ved Nattland skule. Udir skriv som premis at forsøket kan gjennomførast to skuleår, tidlegast frå skuleåret 2020/2021. I svaret frå Utdanningsdirektoratet vart det òg presisert at kommunen sjølv må bere alle kostnadane ved forsøket. Kostnadene ved eit slikt forsøk er estimerte til 1 mill. årleg. Totalt blir det ca. 3 mill. for ein forsøksperiode på tre år. I dette ligg to skuleår med teiknspråk som valfag. Dessutan er tid til planlegging og etterarbeid inkludert i denne treårsperioden.

Bystyret behandla saka [Kartlegging og premisser for oppstart av forsøk med tegnspråk som valfag](#) i april 2021, sak 148/21 og vedtok at: «Prøveprosjektet med teiknspråk som valfag blir igangsett frå 2022 med varigheit til 2024, under føresetnad av at midlar blir avsett i handlings- og økonomiplan 2022-2025».

Eit ferdig utkast til læreplan i teiknspråk valfag er sendt til Utdanningsdirektoratet. Det er planlagt oppstart med valfag teiknspråk på Nattland oppveksttun for skuleåret 2022–2023. Prøveprosjektet er vedtatt igangsett til 2024 og er finansiert i budsjettavtalen for 2022.

## MÅL

Språklege minoritetar skal kjenna seg heime i Bergen.

<sup>31</sup> Store norske leksikon, s.v. [«Norsk tegnspråk»](#) av Rolf Piene Halvorsen. 02.07.2021

## STRATEGI

Bergen kommune skal leggja til rette for at samiske språk blir brukt, utvikla og styrkt (i tråd med føringane i kapittel 3 i Sameloven), samt verne og fremja kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

## TILTAK

1. Leggja til rette for at samiske barn kan sikra og utvikla sitt språk og sin kultur i tråd med Barnehageloven.
2. Sikra gode vilkår for opplæring i samisk for barn i grunnskulealder i tråd med Opplæringslova.
3. Sikra at informasjonen som ligg på kommunen sine nettsider om rett til opplæring på samisk er tilstrekkeleg og skriven i klart språk slik at den er enkel å forstå. Denne informasjonen skal òg vera på samisk.
4. Vera positiv til å gje tilskot til samiske språktiltak og tiltak som fremjar kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk, som til dømes ein språkkafé der samar i Bergen kan praktisera samisk med samiskkyndig lærar.
5. Sikra elevar rett til opplæring i og på teiknspråk i tråd med føringane i Opplæringslova.

### ANDRE RELEVANTE PLANAR OG RETTLEIARAR:

- Være der bergenserne er (intern kommunikasjonsrettleiar).
- Verden i Bergen – mangfoldsstrategi (arbeidet med planen skal etter planen starte opp i 2022).
- Plan for likestilling i mangfoldsbyen Bergen (arbeidet starta opp i 2021).
- Plan for deltagelse og mangfold i kunst- og kulturfeltet 2021–2030 (behandla i Bergen bystyre i møte 17.01.2021 sak 9/21).
- Sammen for kvalitet - læring og medvirkning. Kvalitetsutviklingsplan for bergensskolen 2022/23-2026/27 (behandla i Bergen bystyre i møte 22.09.2022 sak 236/22).
- Sammen for kvalitet - lek og læring. Kvalitetsutviklingsplan for kommunale barnehager i Bergen 2018–2021 (behandla i Bergen bystyre i møte 31.01.2018 sak 12/18). Arbeidet med å oppdatere planen skal etter planen starte opp i 2023.

# 11. Språk i verksemdar og samarbeidsorgan

Den nye språklova vil i tillegg til stat, fylkeskommunar og kommunar også ha verknad for sjølvstendige rettssubjekt som anten er i offentleg eige eller der det offentlege har rett til å velje eit fleirtal av medlemmane. Språklova vil ha same verkeområde som forvaltningslova og offentleglova.

Bergen kommune eig heile eller delar av fleire aksjeselskap og interkommunale selskap. Selskapa understøttar viktige politikkområde innanfor blant anna byutvikling, kultur, inkluderande arbeidsliv, næring og idrett. Både bergensarar og innbyggjarane i kommunane rundt støytter på mange av desse verksemdene og samarbeidsorgana i sin kvardag.

Kommunen sjølv, samt interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og samvirkeforetak (SA) som kommunen eig eller er medlem av, blir rekna som sjølvstendige rettssubjekt. Eit «sjølvstendig rettssubjekt» er alle som har rettsevne, altså alle som kan ha rettigheter og plikter.<sup>32</sup>

Verkeområdet for språklova følgjer av § 3. Lova gjeld for:

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift
- c) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet
- d) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmane med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Rettssubjekt som i hovudsak driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private er unntatt reglane i bokstav c og d. På same måte som for kommunane vil ikkje §§ 12–18 i lova gjelde for sjølvstendige rettssubjekt. Desse føresegnene gjeld berre for staten og fylkeskommunane.

Styra i selskapa har ansvaret for at selskapa som sjølvstendige rettssubjekt følgjer alle lover, forskrifter og anna som påverkar og regulerer verksemda til selskapet.

I tillegg deltek kommunen i ei rekke samarbeidsorgan, mellom anna Bergen og omland friluftsråd, UIA Bergen region, Bergensalliansen, Vest brann- og redningsregion (VBR), 110 Vest og Digi Vestland. Det er naturleg at kommunane i slike samarbeid syter for at føresegnene i språklova blir følgde også for dei. I samarbeid med nynorsk-kommunar skal Bergen leggje til grunn at språket skal vera på nynorsk.

## **ANDRE RELEVANTE PLANAR:**

- Melding om eierskap i kommunens selskaper og foretak (behandla i bystyret i møte 30.01.2019 i sak 30/19). Arbeidet med å oppdatere meldinga starta opp i 2022.

<sup>32</sup> Store norske leksikon, s.v. «Rettssubjekt» av Anneken Kari Sperr. 03.06.2021 <https://snl.no/rettssubjekt>



BERGEN  
KOMMUNE